

Forskrifter

om tildeling av utdanningsstøtte for undervisningsåret 1997-98 og om forrenting og tilbakebetaling av lån for 1997

Gjeld frå 1.7.1997

Lånekassen

Innhold

I Hovudreglar 3

II Støtte til søkjar under 19 år 11

III Støtte til søkjar over 19 år 15

IV Støtte til særlege grupper 18

V Støtte til utdanning i land utanfor Norden 22

VI Forrenting og tilbakebetaling av lån i 1997 27

VII Inntektsavhengig nedsetjing av terminbeløp for 1997 33

VIII Ettergiving av utdanningslån i 1997 for kandidatar som har fullført langvarig universitets- og høgskoleutdanning i haustsemesteret 1996 eller vårsemesteret 1997 35

IX Ettergiving av utdanningslån i 1997 for låntakarar som er busette i og utøver eit yrke i Finnmark eller i ein av dei sju verkemiddelkommunane i Troms, og for legar som utøver eit yrke som lege i utvalde kommunar utanfor denne regionen 38

X Støtte og ettergiving for statsborgarar frå samveldet av uavhengige statar, land i Sentral- og Aust-Europa og utviklingsland 40

XI Misleghaldne lån som er permanent overførte til Statens Innkrevningssentral i 1997 42

Gruppering av utdanningar som går inn under vidaregåande utdanning og høgre utdanning 44

Lov av 26. april 1985 nr 21 om utdanningsstøtte til elever og studenter 46

Klage på behandlingsresultatet 49

Forskrift om adgang til innhenting av opplysninger direkte fra offentlige kontorer 49

Forskrift om tilskudd til dekning av skolepengene til elever ved utenlandske eller internasjonale videregående skoler 51

Forskriftene blir gitt ut skiftesvis på bokmål og nynorsk.

I 1997-98 ligg forskriftene føre berre på nynorsk.

BROSJYRER FRA LÅNEKASSEN

- Stipend og lån til utdanning 1997-98 (bokmål og nynorsk)
- Stipend og lån til ungdom under 19 år i videregående utdanning (bokmål og nynorsk)
- Utdanning i utlandet
- Tilbakebetaling av utdanningslån 1997
- Stipend og lån til utenlandske statsborgere (også på engelsk)

FORSKRIFTER OM TILDELING AV UTDANNINGSSTØTTE FOR UNDERVISNINGSÅRET 1997-98 OG OM FORRENTING OG TILBAKEBETALING AV LÅN FOR 1997

Fastsette av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i samsvar med lov av 26. april 1985 nr. 21 om utdanningsstøtte til elevar og studentar med endringar sist ved lov av 22. desember 1989 nr. 107, ved lov av 20. desember 1991 nr. 86, ved lov av 30. april 1993 nr. 41 og ved lov av 23. juni 1995 nr. 36.

KAP. I

HOVUDREGLAR

1 STØTTEFORMER

1.1
Hovudformene for støtte frå Lånekassen er lån og utdanningsstipend. Det kan også tildelast reisestipend.

1.1.1
Det går fram av kap. II og kap. III korleis støttebeløpet blir utrekna.

1.2
Det kan tildelast andre former for støtte, sjå kap. IV og V.

1.3
Ved visse utdanningar kan lån bli ettergitt etter nærare reglar, sjå kap. VIII.

2 ALDER OG BUFELLESSKAP

2.1
Det gjeld ulike reglar for tildeling av støtte til søkjar over og under 19 år. Som søkjar under 19 år blir rekna søkjar som er fødd i 1979 eller seinare.

2.1.1
Søkjar under 19 år som er gift, har vore gift eller har barn å forsørgje og som bur saman med barnet, blir tildelt støtte etter same reglar som søkjar over 19 år.

2.1.2
Søkjar i høgre utdanning* som har fylt 18 år før 1. januar 1998, blir tildelt støtte etter same reglar som søkjar over 19 år.

2.2
Sambuarar som har felles barn, blir behandla som gifte frå og med det semesteret dei får barn.

2.3
Registrerte partnarar blir behandla som gifte frå det semesteret partnarskapen blir registrert.

2.4
Søkjar som har fylt 65 år før 1. januar 1998, kan ikkje få støtte.

* Om gruppering av vidaregåande og høgre utdanning, sjå side 44 og 45.

3 KVA SLAGS UTDANNING DET KAN BLI GITT STØTTE TIL

3.1

Det kan tildelast støtte til vidaregåande og høgre utdanning ved offentlege utdanningsinstitusjonar. Støtte kan også bli tildelt til lærlingar som har godkjend lærekontrakt. Til utdanning ved private utdanningsinstitusjonar kan det tildelast støtte dersom utdanninga fagleg sett tilfredsstiller dei krava som blir stilte til vidaregåande utdanning i lov av 14. juni 1985 - privatskulelova, §§ 4 og 5, eller dei krava som blir stilte til eksamensrett i lov av 11. juli 1986 - privathøyskoleloven, § 9. Det kan også tildelast støtte til kompetansegjevande utdanning ved studieforbund som er godkjende etter voksenopplæringslovens § 10. Det same gjeld utdanning ved dei frie fjernundervisningsinstitusjonane som er godkjende etter voksenopplæringslovens § 11. Sjå punkt 4.4.

3.1.1

Spørsmål om støtte til utdanning ved private utdanningsinstitusjonar som det tidlegare ikkje er gitt støtte til, bør skolen ta opp med Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet eitt år før det undervisningsåret søknaden gjeld for.

3.1.2

Til ulike førebuande kurs som er lagde opp med repetisjon av fag frå grunnskolen med sikte på å gi betre grunnlag for opptak i grunnkurs i vidaregåande skole, kan støtte tildelast berre i form av stipend.

3.1.3

Til stipendopphald i utlandet under NORDPLUS- og ERASMUS-ordningane kan det bli gitt støtte etter kap. II og kap. III.

3.1.4

Det kan tildelast støtte til berre ei utdanning om gongen.

3.2

Det kan ikkje tildelast støtte til

3.2.1

utdanning ved militære skolar

3.2.2

etatsopplæring

3.2.3

ulike opplæringskurs som blir igangsette av, eller i samråd med, arbeidsmarknadsetaten, når det faglege innhaldet ikkje utgjer fulltids kompetansegivande utdanning som det kan bli gitt støtte til

3.2.4

utdanning ved private flyskolar og flyskolar i utlandet

3.2.5

utdanning ved lærestader der kostnadene i form av skolepengar, eksamensavgifter, materiell o.l. er svært høge, dersom det ikkje er særleg behov for utdanninga

3.2.6

søkjar som er teken opp i eit doktorgradsstudium i Noreg etter 15. august 1995. Det kan likevel gis støtte til doktorgradsstudium i utlandet og til søkjar som får støtte etter kap. X, punkt 4.3.

4 KORLEIS UTDANNINGA MÅ VERE LAGD OPP

4.1

Utdanninga må til vanleg vere lagd opp som reglementert fulltidsutdanning. Utdanning på nivå med vidaregåande skole må ha eit undervisningsopplegg på minst 20 timar pr. veke. Til opplegg i regi av Oppfølgingstenesta i fylkeskommunen kan det bli gitt støtte når undervisningsopplegget er på meir enn 1/3 av timetalet frå eit kurs.

4.2

Det kan tildelast støtte til deltidsutdanning som omfattar minst 50% av reglementert fulltidsutdanning. Om rentebelastning på lån som det er skrive ut betalingsplan for, sjå kap. VI, punkt 6.1.1.

4.2.1

Deltidsutdanning på nivå med vidaregåande skole må, i tillegg til 50% av utdanningsprogrammet for fulltidsutdanning, også omfatte minst seks timar undervisning pr. veke.

4.2.2
For deltidsutdanning blir støttebeløpet rekna til 1/2, 2/3 eller 3/4 av støttebeløpet til fulltidsutdanning.

4.2.3
Ved deltidsutdanning blir det til vanleg ikkje gitt støtte til forseinking.

4.3
Fulltidsutdanning må vare i minst tre månader. Deltidsutdanning må vare i minst fem månader. Det kan gjerast unntak når utdanninga har samanheng med yrket til søkjaren eller tidlegare utdanning.

4.4
Det kan givast støtte til fjernundervisning som er lagd til rette som fjernundervisning frå lærestaden si side og gir godkjend kompetansegivande utdanning. Fjernundervisninga må vere følgd opp av samlingar eller anna form for oppfølging frå lærestaden kvart semester. Studieopplegg som blir tilbydd som fjernundervisning av eit universitet, vitskapleg høgskole eller statleg høgskole, må tilsvare studieopplegg godkjend av departementet. Studieopplegg som blir tilbydd som fjernundervisning av ein privat høgskole, må vere godkjend av departementet. Fjernundervisning som blir tilbydd på området til fylkeskommunal vidaregåande opplæring, må inngå i eit fylkeskommunalt opplegg/vere godkjend av fylkeskommunen. Fjernundervisning som blir tilbydd av ein privat skole på området til vidaregåande opplæring, må vere godkjend av departementet.
Fjernundervisninga må ha eit omfang som tilsvarar minimum 50% av fulltidsopplegg.

5 STATSBORGARSKAP
5.1
Søkjaren må vere norsk statsborgar.

5.1.1
Utanlandsk statsborgar som på grunn av arbeid i Noreg har opparbeidd sosiale rettar her som følgje av avtalen om europeisk samarbeid (EØS-avtalen), kan få støtte til utdanning etter dei same reglane som norsk statsborgar, i den grad det følgjer av avtalen. Det same gjeld barn, ektefelle, partnar etter partnarskapsloven og sambuar med felles barn til slik utanlandsk statsborgar. Som barn blir her rekna søkjar under 21 år.

5.2
Statsborgar frå anna nordisk land får støtte etter dei felles nordiske reglane i punkt 7.

5.3
Det kan gjerast unntak frå regelen i punkt 5.1 for statsborgar frå land utanfor Norden som tek utdanning i Noreg, og

5.3.1
har kome til landet av politiske grunnar. Søkjaren må ha fått asyl i Noreg eller ha anna form for opphaldsløyve

5.3.2
har hatt samanhengande fulltidsarbeid i Noreg i minst tolv månader like før skoleåret, og har betalt skatt til Noreg i denne perioden

5.3.3
har teke utdanning i Noreg dei tre siste åra med tilfredsstillande fagleg framgang utan støtte frå Lånekassen

5.3.4
er gift med norsk statsborgar, og begge bur i Noreg. Sjå punkt 2.2 og 2.3

5.3.5
har fått opphaldsløyve som barn eller barnebarn under 19 år til norsk statsborgar som bur i Noreg og forsørgjer søkjaren

5.3.6
har fått opphaldsløyve som ektefelle til utanlandsk statsborgar eller som barn eller barnebarn under 19 år til utanlandsk statsborgar. Det er eit vilkår at vedkomande forsørgjer søkjaren, har opphalds- og arbeidsløyve, bur i og er skattepliktig til Noreg.

5.4
Statsborgar over 18 år frå visse utviklingsland og Aust-Europa som blir teken opp i eit særskilt utdanningsprogram med kvotetildeling ved visse høgskolar/universitet i Noreg, kan tildelast støtte. Sjå kap. X.

5.4.1
Statsborgar frå utviklingsland som har begynt på ei fulltids yrkesutdanning i undervisningsåret 1993-94 eller tidlegare, og fått støtte etter tidlegare kap. I, punkt 5.4, kan på visse vilkår få støtte til å fullføre utdanninga.

5.5
Det kan ikkje bli gitt støtte til søkjar som samtidig får støtte frå støtteordninga i eit anna land.

5.6
Søkjar som får eller har fått støtte til eit utdanningsprogram frå NORAD eller andre tilsvarande støtteordningar i Noreg eller i utlandet, kan ikkje få støtte frå Lånekassen. Sjå likevel kap. X, punkt 2.2.

5.7
Det blir ikkje tildelt støtte til norskopplæring åleine.

6 UTDANNING I EIT ANNA NORDISK LAND

6.1
Til utdanning i eit anna nordisk land blir det gitt støtte etter dei same reglar og kostnadssatsar som gjeld for Noreg. Det er til vanleg eit vilkår at utdanninga har offentleg godkjenning og kjem inn under støtteordninga i studielandet. Det blir ikkje gitt støtte til deltidsutdanning.

6.1.1
Utanlandsk statsborgar får ikkje støtte til utdanning i eit anna nordisk land. Jf. likevel kap. I, punkt 5.1.1.

7 FELLES NORDISKE REGLAR

7.1
Til utdanning i eit anna nordisk land kan det til vanleg tildelast støtte frå støtteordninga i heimlandet.

7.2
Heimlandet avgjer kva for utdanning som gir rett til støtte.

7.3
Ein søkjar som tek utdanning i eit anna nordisk land, kan få støtte frå støtteordninga i studielandet, dersom

7.3.1
søkjaren har vore busett og yrkesaktiv i studielandet i minst 24 månader like før skoleåret. Omsorg for eige barn under 12 år er jamstilt med yrkesaktivitet. Avbrot i yrkesaktiviteten på grunn av militærteneste, sjukdom o.a. kan godkjennast

7.3.2
søkjaren er under 20 år og har følgt foreldra sine som er busette i studielandet og har varig arbeid der.

7.4
Ekteskap med statsborgar frå studielandet gir ikkje grunnlag for å gjere unntak frå reglane i punkta 7.1, 7.2 og 7.3.

7.4.1
Dersom søkjaren har vore busett i studielandet i 24 månader og er gift med statsborgar frå studielandet, kan det likevel bli gitt støtte.

7.5
Det er eit vilkår for tildeling av støtte at søkjaren ikkje får støtte frå eit anna land samtidig.

8 UTDANNING I LAND UTANFOR NORDEN

8.1
For utdanning som varer eitt fullt semester eller meir ved den lærestaden i land utanfor Norden der vedkommande student skal studere, gjeld det særlege reglar, sjå kap. V.

8.2
Det kan tildelast støtte til studieopphald i land utanfor Norden som varer i minst fire veker, og som er godkjend som eit ledd i ei høgre utdanning som søkjaren har begynt på i Noreg. Studieopphald som varer i mindre enn eitt fullt semester ved den lærestaden der vedkommande student skal studere, blir behandla etter kap. III, punkt 6.1.3. Dersom opphaldet varer eitt fullt semester eller meir, blir søknaden behandla etter kap. V.

8.2.1
Kurs som varer kortare enn fire veker ved dei norske studiesentra i York (England), Caen (Frankrike) og Kiel (Tyskland) kan godkjennast for tildeling av støtte.

9 KRAV TIL SØKJAREN

9.1
Søkjaren må vere teken opp som elev/student og ha rett til å gå opp til eksamen. Søkjaren må vere på lærestaden og kunne følgje undervisninga. Dersom søkjaren er lenge borte frå undervisninga, kan retten til støtte falle bort. Det kan i særlege tilfelle gjerast unntak frå kravet om å vere på lærestaden. Lærlingar må ha godkjend lærekontrakt.

9.1.1
Hospitantar kan få støtte når det faglege opplegget gjer det rimeleg.

9.2
Låntakar som har fått ettergitt lån etter reglane i kap. VI, punkt 11, og som søkjer ny støtte, må sende inn dokumentasjon på at helsesituasjonen har betra seg, slik at søkjaren kan gå tilbake til arbeidslivet når utdanninga er gjennomført. Dersom vedtaket er gjort for mindre enn ti år sidan, blir det oppheva når søkjaren mottek ny støtte.

10 KOR LANG TID DET KAN TILDELAST STØTTE

10.1
Til vidaregåande og høgre utdanning kan det bli gitt støtte i den tida som er fastsett som norm for utdanninga (normert tid).

10.2
Det blir gitt støtte for opptil eitt undervisningsår om gongen. Undervisningsåret blir rekna frå den datoen undervisninga startar, og til den datoen undervisninga (inkl. eksamen) sluttar. Støttebeløpet blir til vanleg utrekna på månadsbasis.

10.2.1
Etter grunngitt søknad kan det tildelast støtte til utvida undervisningsår når søkjaren har reglementert undervisning, eller når det er dokumentert at søkjaren sparer inn på normert studietid. Opplegget må vare i minst to veker.

10.3
Lånekassen kontrollerer den faglege framgangen. Det kan ikkje tildelast støtte i meir enn normert studietid til å ta om att kurs som det er gitt støtte til før, når eksamen er bestått.

10.3.1
Det kan likevel tildelast støtte til fagleg forseinking og betring av karakterar når det blir stilt bestemte krav til karakterar for å halde fram på høgre nivå i utdanninga, eller for å få formell godkjenning av ein grad/eksamen. Dette gjeld ikkje for vidaregåande utdanning.

10.4
Til vidaregåande utdanning* kan det tildelast støtte for opptil fire år.

10.4.1
Dersom søkjaren tek ei studieretning/ studieretningar som gjer at samla tid i vidaregåande utdanning blir meir enn fire år, kan Lånekassen vurdere å gi støtte i meir enn fire år.

10.4.2
Det kan til vanleg ikkje tildelast støtte i meir enn tre år samanlagt til folkehøgskole, innføringskurs/førebuande kurs og grunnkurs i vidaregåande skole. Til folkehøgskole åleine kan det ikkje tildelast støtte i meir enn to år.

10.5
Til kombinasjonar av høgre utdanning kan det tildelast støtte for opptil seks år.

10.5.1
Dersom søkjaren tek ein kombinasjon av utdanningar som varer i meir enn seks år, kan Lånekassen vurdere å tildele støtte i opptil åtte år.

10.6
Til vidaregåande og høgre utdanning kan det tildelast støtte i til saman elleve år. Lånekassen vurderer om det kan tildelast støtte ut over denne tid.

10.7
Ved utrekning av tid under punkta 10.4-10.6 blir det sett bort frå utdanning som søkjaren har teke utan støtte frå Lånekassen.

10.8
Dei tidsrammene som er fastsette for tildeling av støtte gjeld berre dersom søkjaren ikkje tidlegare har teke imot støtte til utdanning frå støtteordningar i eit anna land. I motsett fall

* Om gruppering av vidaregåande og høgre utdanning, sjå side 44 og 45.

skal tidsrammene fastsette under punkta 10.4-10.6 reduserast tilsvarande det tidsrommet det er teke imot støtte frå anna land, og som fell inn under kvart einskild punkt.

11 FORSEINKING OG AVBROT

11.1
Når søkjaren har fått tildelt støtte for eit undervisningsår, må faglege resultat for dette året kunne dokumenterast.

11.1.1
Dersom utdanninga varer eitt år eller meir og søkjaren blir forseinka, kan det tildelast støtte i inntil eitt år utover normert tid, jf. punkt 10.1. Det kan bli gitt støtte til forseinking med inntil eitt år i vidaregåande og inntil eitt år i høgre utdanning. Til vidaregåande utdanning kan det likevel ikkje tildelast støtte i meir enn fire år, jf. punkt 10.4.
Det blir til vanleg ikkje gitt støtte til forseinking ved deltidsutdanning.

11.1.2
Ved forseinking utover eitt år kan Lånekassen i særlege tilfelle vurdere å gi redusert støtte. Dette gjeld m.a. funksjonshemma søkjar som har støtte frå folketrygda, søkjar som får barn i utdanningsperioden og søkjar som har fått omgjort lån til stipend på grunn av sjukdom etter kap. IV, punkt 7.

11.2
Ei utdanning som det er gitt støtte til, blir rekna som avbroten dersom denne utdanninga ikkje er fullført og søkjaren tek til med ei ny utdanning. Når støtte til avbroten utdanning ikkje er tilbakeført, skal denne utdanninga telje med ved vurdering av kor mange år det kan tildelast støtte, jf. punkt 10.4 og 10.5. Det kan likevel tildelast støtte utover dette på same vilkår som ved forseinking, jf. punkt 11.1.1 og 11.1.2.

11.3
Både ved forseinking og avbrot kan lånet bli redusert, jf. punkt 12.

12 HØG GJELD

12.1
Det kan setjast grense for lånet slik at gjelda ikkje blir høgre enn det Lånekassen finn forsvarleg. Dersom søkjaren blir over 45 år når utdanninga er fullført, skal låntildelinga reduserast slik at gjelda kan bli tilbakebetalt før søkjaren fyller 65 år.

13 OMGJERING AV LÅN TIL STIPEND UNDER SJUKDOM

13.1
Søkjar som blir sjuk og av den grunn ikkje kan følgje undervisninga i ein del av søknadsperioden, kan få lånet for inntil tre månader pr. undervisningsår omgjort til stipend. Sjukdomsperioden må dokumenterast. Sjå kap. IV, punkt 7.

14 SØKJAR SOM FÅR STØTTE FRÅ OFFENTLEG TRYGDEORDNING O.A.

14.1
Søkjar som får støtte frå offentleg trygdeordning, får reduksjon i tildelinga frå Lånekassen på same måte som for arbeidsfri inntekt. Sjå kap. II, punkt 4.6 eller kap. III, punkt 4.2.

14.2
Søkjar som får hjelp til finansiering av attføringstiltak/rehabilitering, eller får utdanningsstøtte frå folketrygda, kan ikkje få støtte til bøker, materiell og skolepengar eller reisestipend frå Lånekassen. Sjå kap. II, punkt 3.3.1 og 7.1.1 eller kap. III, punkt 3.3.1 og 7.1.1. Dersom folketrygda yter tilskott til opphaldsutgifter, blir desse utgiftene ikkje dekte av Lånekassen. Dersom folketrygda dekkjer alle utgiftene til skolegangen, kan det ikkje bli gitt stipend etter kap. II, punkt 5.3.1.

14.3
Søkjar som bur i institusjon og får opphaldet dekt av det offentlege, kan få lån til bøker og materiell og til skolepengar etter satsane til Lånekassen når desse utgiftene ikkje blir dekte på annan måte. Søkjar som avtener militær-/sivilteneste kan få støtte etter dette punktet.

14.4
Søkjar som har søknad til behandling ved trygdekontoret, kan få tildelt eit avgrensa mellombels lån når det tek lang tid før søknaden er ferdigbehandla. Dersom lånet viser seg å vere større enn det søkjaren har krav på, må differansen betalast tilbake med det same. Det kan krevjast at trygdekontoret overfører midlar direkte til Lånekassen til dekning av lånet.

15 FORDELING, UTBETALING OG EVENTUELL ANNULLERING AV TILDELT STØTTEBELØP

15.1
Lånekassen fastset korleis støttebeløpet skal fordelast og utbetalast.
For søkjarar som får støtte utrekna etter kap. II, og som tek utdanning innanlands, blir støttebeløpet til vanleg fordelt med fleire terminar over heile støtteperioden, og terminane blir utbetalte ein gong pr. månad. Den første støtteterminen i kvart halvår inkluderer 10% av støttebeløpet for resten av halvåret.
Dersom det blir gitt lån til skolepengar, blir det utbetalt saman med den første støtteterminen kvart halvår. Det same gjeld lån til dekning av ekstra utgifter til materiell.
Dersom det minste ordinære månadsbeløpet til utbetaling er mindre enn kr 410, blir støtte utbetalt samla kvart halvår.
Ved utdanning i utlandet blir støttebeløpet utbetalt kvart halvår.
Søkjarar som får støtte utrekna etter kap. III, og som tek utdanning innanlands, får også utbetalt støttebeløpet kvart halvår. Søkjarar i høgre utdanning som får støtte utrekna etter kap. II, får likeins støttebeløpet utbetalt kvart halvår.

15.2
Støttemottakarane får gjeldsbrev/stipendmelding kvart halvår. Gjeldsbrevet/stipendmeldinga gjeld og som utbetalingspapir for første støtteterminen/halvåret.

15.3
Gjeldsbrevet/stipendmeldinga blir sendt til lærestaden og utlevert der. Lærestaden skal kontrollere at søkjaren er i gang med utdanninga før brevet blir utlevert. Gjeldsbrevet/stipendmeldinga skal utleverast berre til søkjaren personleg mot legitimasjon og kvittering.

15.4
Gjeldsbrevet/stipendmeldinga skal underskrivast av støttemottakaren, og støttebeløpet kan hevast i samsvar med den ordninga Lånekassen fastset. Ved å skrive under erkjenner støttemottakaren ei gjeld som omfattar det som er tildelt som lån for det aktuelle halvåret, i tillegg til eventuelt tidlegare lån.

15.5
Ved månadleg utbetaling blir terminbeløpa for det aktuelle halvåret til vanleg overført den 15. i kvar månad til den bank- eller postkontoen som støttemottakaren har oppgitt i søknadsblanketten (kontonummer på 11 siffer). For at overføring til konto skal kunne skje, må gjeldsbrevet/stipendmeldinga vere underskriven, heva og motteken i Lånekassen.

15.6
Dersom vilkåra for tildelt støtte endrar seg i støtteperioden, kan Lånekassen stoppe utbetalingane for resten av perioden og annullere resttildelinga. Det gjeld mellom anna når støttemottakaren
- avbryt utdanninga og ikkje lenger har rett til støtte
- mislegheld pliktene sine mot Lånekassen, jf. kap. I, punkt 17.

15.7
Dersom gjeldsbrevet/stipendmeldinga som blir sendt til søkjaren gjennom lærestaden, ikkje er heva når undervisningsåret/kurset er avslutta, blir løyvinga annullert, og søknaden kan ikkje behandlast på nytt.

16 OPPLYSNINGSPLIKT

16.1
Søkjaren pliktar straks å melde frå om avbrot i utdanninga på grunn av sjukdom, svangerskap, fødsel, militær-/sivilteneste og om endring i fagleg plan, fagleg forseinking, økonomiske forhold, sivilstand eller bustadadresse.

16.2
Lånekassen kan kontrollere at opplysningane frå søkjaren er rette. Lånekassen kan også hente inn opplysningar om søkjaren direkte frå lærestad, likningskontor, trygdekontor o.a. etter forskrifter fastsette av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i samsvar med § 16 i lov av 26. april 1985 nr. 21.

16.3
Dersom nye opplysningar viser at tildelt støttebeløp må reduserast, kan Lånekassen omgjere stipend til lån og krevje tilbakeføring. Sjå også punkt 17.

17 URETT TILDELT STØTTE/ MISLEGHALD

17.1
Dersom ein søkjar har fått utbetalt eller godskrive støtte som reglane ikkje gir rett til, kan Lånekassen gjere det stipendet søkjar ikkje har rett til, om til lån, og krevje støttebeløpet tilbakebetalt.

17.1.1
Dersom søkjaren gir urette opplysningar om butilhøve og får støtte som bortebuar utan å ha rett til det, kan Lånekassen i tillegg nekte støtte heilt eller delvis. Lånekassen kan etter nærare reglar nekte støtte i like mange semester som søkjar har motteke støtte utan å ha rett til det. Denne tida blir rekna med i normert tid, jf. punkt 10.1. Ein heimebuar som meir enn ein gong oppgir at han bur borte utan at det er rett, kan nektast meir støtte, jf. punkt 17.2.

17.2
Ein låntakar som mislegheld pliktene sine mot Lånekassen, kan bli nekta meir støtte. Sjå også kap. VI, punkt 12.3.

17.3
Dersom søkjaren tek imot støtte frå anna hald og ikkje melder frå om det til Lånekassen, kan det bli rekna renter av lånet i utdanningstida også.

18 KOSTNADSSATSAR FOR UNDERVISNINGSÅRET 1997-98

18.1
Utdanningsstøtte blir rekna ut på grunnlag av satsane som er fastsette i kap. II, III, IV, V og VIII.

18.2
Satsane som er fastsette for undervisningsåret 1997-98, gjeld for tida 15. august 1997 - 14. august 1998.

18.3
Satsane i kap. VI, VII og IX gjeld for kalenderåret 1997. Satsane i kap. VIII gjeld for dei som tek eksamen hausten 1996 og våren 1997.

19 SØKNADSFRISTAR

19.1
Søknad om støtte for 1997-98 som kjem inn til Lånekassen etter 15. mars 1998, blir ikkje behandla. Fristen gjeld ikkje for kurs som tek til 1. februar 1998 eller seinare.

19.2
Søknad som kjem inn etter at undervisningsåret/kurset er avslutta, blir ikkje behandla.

19.2.1
Dersom søknaden gjeld stipend etter kap. IV, punkt 5, 7, 8 og 10, må søknaden vere komen inn seinast seks månader etter at undervisningsåret/kurset er avslutta.

19.3
Søkjar som er tilskriven/varsla om å sende inn opplysningar, må sende inn desse før undervisningsåret/kurset er avslutta for å få søknaden behandla.

19.4
Opplysningar om endringar som kjem inn til Lånekassen etter 15. mars 1998 vil ikkje kunne føre til ny behandling. Sjå likevel kap. III, punkt 6.5.

KAP. II

STØTTE TIL SØKJAR UNDER 19 ÅR

1 SØKJAR UNDER 19 ÅR

1.1
Dette kapitlet gjeld søkjar som er fødd i 1979 eller seinare. Det gjeld og søkjar fødd i 1978 som tek folkehøgskolen som siste år i eit fireårig løp eller som har fått utsett skolestart etter sakkunnig vurdering.

1.2
Søkjar under 19 år som er gift, har vore gift, eller har barn å forsørgje og bur saman med barnet, får støttebeløpet utrekna etter kap. III. Det same gjeld søkjar i høgre utdanning som har fylt 18 år før 1. januar 1998.

2 GRUNNBELØP

2.1
I utrekninga av støttebeløpet inngår det eit grunnbeløp. For 1997-98 er grunnbeløpet kr 3 140 pr. månad.

3 TILLEGG VED UTREKNING AV STØTTE

3.1
Søkjar som ikkje bur hos foreldra, får butillegg når reisetida mellom foreldreheimen og skolen er tre timar eller meir pr. dag, eller avstanden er 40 km eller meir.

3.1.1
Butillegg kan også tildelast når det kan dokumenterast at søkjaren på grunn av andre særlege forhold må bu utanfor foreldreheimen.

3.2
For 1997-98 er butillegget kr 1 980 pr. månad.

3.3
Tillegg for bøker og materiell blir tildelt med kr 245 pr. månad i vidaregåande utdanning* og kr 490 i høgre utdanning*. Sjå også punkt 6.1.2.

3.3.1
Tillegg for bøker og materiell blir ikkje tildelt søkjar som får desse utgiftene betalte gjennom folketrygda eller gjennom andre ordningar.

3.3.2
Det blir til vanleg ikkje gitt tillegg for bøker og materiell når det blir gitt støtte til forseinking.

4 FRÅDRAG VED UTREKNING AV STØTTE

4.1
Støttebeløpet blir redusert ved behovsprøving etter den samla inntekta og formuen til forsørgjarane (foreldre/steforeldre). Når frådraget skal utreknast, nyttar Lånekassen allmenn inntekt og nettoformue ved skatte-likninga for 1995. Inntekt/formue i utlandet eller på Svalbard, som ikkje er med i likninga, skal også nyttast.

4.1.1
Blir det dokumentert at brutto inntekt/formue til forsørgjarane i skoleåret er lågare enn i inntektsåret 1995, kan det takast omsyn til dette. Det blir ikkje teke omsyn til ein vanskeleg økonomisk situasjon på grunn av auka utgifter.

4.1.2
Er foreldra skilde eller separerte, nyttar Lånekassen likningstala til den av foreldra som søkjaren bur hos eller sist budde hos.

4.1.3
Lånekassen kan sjå heilt eller delvis bort frå inntekt og formue til stemor/stefar når det er lagt fram opplysningar som gjer dette rimeleg.

4.1.4
Dersom barnevernsnemnda har omsorg for ein

* Om gruppering av vidaregåande og høgre utdanning, sjå side 44 og 45.

søkjar som bur utanfor foreldreheimen, blir det sett bort frå inntekta og formuen til foreldra.

4.2
Av forsørgjarane sin formue over kr 464 000 blir det rekna 10% som tillegg til inntekta.

4.3
Frådrag etter forsørgjarinntekt og talet på sysken under 19 år. Inntekta blir sett lik allmenn inntekt ved skattelikninga i 1995 med eventuelle tillegg etter punkt 4.2. Inntekta blir runda ned til næraste heile 1 000 kroner.

Inntekt i 1 000 kroner

1 barn	2 barn	3 barn	4 barn	5 barn	frådrag i kr pr månad	sysken i utdanning 80% frådrag
0-153	0-165	0-177	0-189	0-201	0	0
154-158	166-170	178-182	190-194	202-206	100	80
159-163	171-175	183-187	195-199	207-211	200	160
164-168	176-180	188-192	200-204	212-216	300	240
169-173	181-185	193-197	205-209	217-221	450	360
174-178	186-190	198-202	210-214	222-226	600	480
179-183	191-195	203-207	215-219	227-231	750	600
184-188	196-200	208-212	220-224	232-236	900	720
189-193	201-205	213-217	225-229	237-241	1050	840
194-198	206-210	218-222	230-234	242-246	1200	960
199-203	211-215	223-227	235-239	247-251	1350	1080
204-208	216-220	228-232	240-244	252-256	1500	1200
209-213	221-225	233-237	245-249	256-261	1650	1320
214-218	226-230	238-242	250-254	252-266	1800	1440
219-223	231-235	243-247	255-259	267-271	1950	1560
224-228	236-240	248-252	260-264	272-276	2100	1680
229-233	241-245	253-257	265-269	277-281	2250	1800
234-238	246-250	258-262	270-274	282-286	2400	1920
239-243	251-255	263-267	275-279	287-291	2550	2040
244-248	256-260	268-272	280-284	292-296	2700	2160
249-253	261-265	273-277	285-289	297-301	2850	2280
254-258	266-270	278-282	290-294	302-306	3000	2400
259-263	271-275	283-287	295-299	307-311	3150	2520
264-268	276-280	288-292	300-304	312-316	3300	2640
269-273	281-285	293-297	305-309	317-321	3450	2760
274-278	286-290	298-302	310-314	322-326	3600	2880
279-283	291-295	303-307	315-319	327-331	3750	3000
284-288	296-300	308-312	320-324	332-336	3900	3120
289-293	301-305	313-317	325-329	337-341	4050	3240
294-298	306-310	318-322	330-334	342-346	4200	3360
299-303	311-315	323-327	335-339	347-351	4350	3480
304-308	316-320	328-332	340-344	352-356	4500	3600
309-313	321-325	333-337	345-349	357-361	4650	3720
314-318	326-330	338-342	350-354	362-366	4800	3840
319-323	331-335	343-347	355-359	367-371	4950	3960
324-328	336-340	348-352	360-364	372-376	5100	4080
329-333	341-345	353-357	365-369	377-381	5250	4200
334-338	346-350	358-362	370-374	382-386	5400	4320
339-343	351-355	363-367	375-379	387-391	5500	4440

4.3.1
Er det fleire sysken under 19 år som samtidig er i utdanning med rett til støtte, blir frådraget for kvart barn sett til 80 % av det frådraget som går fram av tabellen.

4.4
Lånekassen kan sjå heilt eller delvis bort frå inntekta/formuen til forsørgjarane når det er dokumentert at søkjaren av særleg tyngjande sosiale grunnar ikkje kan få tilskott frå dei, og det elles er rimeleg.
Det blir til vanleg ikkje teke omsyn til endra økonomiske forhold som følgje av husbygging, kjøp av husvære o.l.

4.5
Støttebeløpet blir redusert på grunnlag av eiga arbeidsinntekt i søknadsperioden. Av brutto-inntekt over kr 3 260 pr. månad går 60% til frådrag. Som arbeidsinntekt blir rekna inntekt av arbeid som ikkje går inn i undervisnings-planen.

4.6
Støttebeløpet blir redusert på grunnlag av arbeidsfri inntekt i søknadsperioden. Av slik inntekt går 60% av bruttobeløpet til frådrag.
Som arbeidsfri inntekt blir rekna mellom anna
- løn/alderstillegg under studiepermisjon
- løn for arbeid som går inn i undervisnings-planen
- tariffesta lærlingløn
- inntekt av fast eigedom
- rente- og aksjeutbytte
- trygd og pensjonsytingar
- verdien av fri kost og losji eller tilskott frå skolen til slike utgifter
- stipend og lån til utdanning frå arbeids-givaren.

Om tilskott til opphaldsutgifter frå folke-trygda, sjå kap. I, punkt 14.

4.6.1
Det blir ikkje rekna frådrag for stipend/legat til skolepengar som Lånekassen ikkje dekkjer.
For stipend og legat til utdanning frå andre enn arbeidsgivar, blir det elles rekna frådrag på 60% av beløp over kr 1 580 pr. månad.

4.6.2
Kommunal eller statleg bustøtte frå folketrygda til dekning av ekstra utgifter på grunn av sjukdom, skade eller lyte, verkar ikkje inn på støttebeløpet.

4.7
Av søkjarens formue over kr 156 000 ved skattelikninga for 1995, går 2% pr. månad til frådrag (dvs. 20% når undervisningsåret varer i ti månader).

5 UTREKNING AV UTDANNINGS-STIPENDET

5.1
Det er ikkje nødvendig å søkje lån for å få utdanningsstipend.

5.2
Grunnlaget for utrekning av utdanningsstipend pr. månad (stipendgrunnlaget) er summen av grunnbeløpet i punkt 2, tillegga i punkt 3 og frådraga i punkt 4.

5.3
Det kan ikkje tildelast utdanningsstipend for dei første kr 2 210 pr. månad av stipend-grunnlaget. For den delen av stipend-grunnlaget som er større enn kr 2 210 og mindre enn kr 5 870, blir 93% tildelt som stipend (månadssatsen). Månadssatsen blir avrunda oppover til næraste heile fem kroner.

5.3.1
For søkjar som kan tildelast butillegg, skal månadssatsen vere minst kr 3 050. Dette gjeld ikkje for søkjar som får støtte frå folketrygda når støtta er meint å dekkje alle nødvendige utgifter til skolegangen.

5.3.2
For å få fram samla stipendbeløp må månadssatsen multiplisera med talet på månader i den utdanningsperioden det blir søkt stipend for.

5.4
Lærling som har brutto tariffløn over kr 9 440 pr. månad, får ikkje tildelt utdanningsstipend.

5.5
For elev/student i kunstutdanning og for flyktning i vidaregåande utdanning gjeld det særlege reglar, sjå kap. IV, punkt 1, 2 og 3.

6 UTREKNING AV LÅNET

6.1
Tillegg som blir tildelt berre som lån:

6.1.1
skolepengar, til vanleg avgrensa til kr 18 470 pr. undervisningsår. For skolepengar i land utanfor Norden gjeld det særskilde reglar, sjå kap. V, punkt 6.

6.1.2
nødvendige utgifter til materiell utover satsane i punkt 3.3. Lånet blir tildelt etter nærare reglar, og det er ein føresetnad at materiellet er nødvendig, og at utstyret ikkje kan dekkjast over skolebudsjettet.

6.2
Grunnlaget for utrekning av lån er summen av grunnbeløpet i punkt 2, tillegga i punkt 3 og eventuelle tillegg i punkta 6.1.1 - 6.1.2 og frådraga i punkt 4. Summen må multipliserast med talet på månader i den utdanningsperioden det blir søkt lån for.

6.3
Maksimalt lån blir differansen mellom utrekna grunnlag i punkt 6.2 og utrekna utdanningsstipend i punkt 5.

6.4
For andre stipend enn utdanningsstipendet vil det gå fram av reglane for kvart stipend om beløpet skal trekkjast frå ved utrekning av lånet.

7 REISESTIPEND

7.1
I tillegg til støttebeløpet kan det bli gitt reisestipend til tre reiser tur- retur for eit heilt undervisningsår (ti månader) mellom foreldreheimen i Noreg og skolestaden. Stipendet blir tildelt som tilskott etter satsane i Lånekassen. I desse satsane er det teke omsyn til dei moderasjonsordningane som gjeld pr. 1. januar 1997. Det blir gjort eit frådrag på kr 850 pr. undervisningsår som søkjaren må dekkje sjølv. Søkjar som bur i foreldreheimen, kan ikkje få reisestipend. Det same gjeld søkjar som får støtte til fjernundervisning etter kap. I, punkt 4.4. Det gjeld særlege reglar for reisestipend til land utanfor Norden, sjå kap. V, punkt 7.

7.1.1
Det kan ikkje tildelast reisestipend til søkjar som får dekt reiser gjennom folketrygda eller av andre ordningar.

8 MINSTEBELØP

8.1
Det blir ikkje tildelt lån under kr 65 eller berre stipend under kr 35 pr. månad.

KAP. III

STØTTE TIL SØKJAR OVER 19 ÅR

1 SØKJAR OVER 19 ÅR

1.1
Dette kapitlet gjeld søkjar som er fødd i 1978 eller tidlegare. Søkjar fødd i 1978 som tek folkehøgskolen som siste år i eit fireårig løp, eller som har fått utsett skolestart etter sakkunnig vurdering, får støttebeløpet utrekna etter kap. II.

1.2
Også søkjar under 19 år som er gift, har vore gift eller har barn å forsørgje og bur saman med barnet, får støttebeløpet utrekna etter dette kapitlet. Det same gjeld søkjar i høgre utdanning som har fylt 18 år før 1. januar 1998. Sambuarar som har felles barn, blir behandla som gifte frå og med det semesteret dei får barn. Sjå kap. I, punkt 2.2.

2 GRUNNBELØP

2.1
I utrekninga av støttebeløpet inngår det eit grunnbeløp. For 1997-98 er grunnbeløpet kr 3 800 pr. månad.

3 TILLEGG VED UTREKNING AV STØTTE

3.1
Søkjar som ikkje bur saman med foreldra, kan få butillegg. Søkjar som har barn, og som bur hos foreldra, kan likevel få butillegg. Det same gjeld gift søkjar utan barn.

3.2
For 1997-98 er butillegget kr 1 980 pr. månad.

3.3
Det kan reknast tillegg for bøker og materiell med kr 245 pr. månad i vidaregåande utdanning* og kr 490 pr. månad i høgre utdanning*. Sjå også punkt 6.1.2.

3.3.1
Det kan ikkje bli gitt tillegg for bøker og materiell til søkjar som får desse utgiftene betalte gjennom folketrygda eller andre ordningar.

3.3.2
Det blir til vanleg ikkje gitt tillegg for bøker og materiell når det blir gitt støtte til forseinking.

3.4
Gift søkjar kan få tillegg for forsørging av barn fødd i 1982 eller seinare og ektefelle. Det kan reknast opptil kr 2 275 pr. månad for ektefelle og eitt barn, opptil kr 1 140 pr. månad for det andre barnet, og opptil kr 730 pr. månad for kvart barn fleire enn to.

3.4.1
Forsørgjartillegget blir redusert med 60% av ektefellen si bruttoinntekt over kr 11 500 pr. månad. Er begge ektefellane i utdanning som det kan bli gitt støtte til, blir det sett bort frå ektefellen si inntekt.

3.4.2
Det kan ikkje reknast forsørgjartillegg for ektefelle som er i militær-/sivilteneste.

3.5
Ektefellar som begge er i utdanning og kan få tildelt støtte, kan kvar få forsørgjartillegg på opptil kr 1 140 pr. månad for kvart av dei to første barna, og opptil kr 730 pr. månad for kvart barn fleire enn to.

3.6
Einsleg forsørgjar kan få forsørgjartillegg på opptil kr 1 140 pr. månad for kvart av dei to første barna, og opptil kr 730 pr. månad for kvart barn fleire enn to.

* Om gruppering av vidaregåande og høgre utdanning, sjå side 44 og 45.

3.6.1
Det kan ikkje tildelast forsørgjartillegg for ektefelle og/eller barn søkjaren er pliktig å betale bidrag for.

4 FRÅDRAG VED UTREKNING AV STØTTE

4.1
Støttebeløpet blir redusert på grunnlag av eiga arbeidsinntekt i søknadsperioden. Av bruttoinntekt over kr 3 260 pr. månad går 60% til frådrag. Som arbeidsinntekt blir rekna inntekt av arbeid som ikkje går inn i undervisningsplanen.

4.1.1
Støttebeløpet kan etter nærare reglar reduserast når søkjar har hatt inntekt i tidlegare støtteperiodar som det ikkje var gitt fullstendige opplysningar om.

4.2
Støttebeløpet blir redusert på grunnlag av arbeidsfri inntekt i søknadsperioden. Av slik inntekt går 60% av bruttobeløpet til frådrag. Som arbeidsfri inntekt blir rekna mellom anna

- løn/alderstillegg under studiepermisjon
- løn for arbeid som går inn i undervisningsplanen
- tariffesta lærlingløn
- inntekt av fast eigedom
- rente- og aksjeutbytte
- forsørgjartillegg medan ektefellen er i militær-/sivilteneste
- underhaldsbidrag utover minstebidraget
- trygde- og pensjonsytingar
- trygde- og pensjonsytingar til søkjarens barn under 16 år
- verdien av fri kost og losji eller tilskott frå skolen til slike utgifter
- stipend og lån og andre ytingar til utdanning frå arbeidsgivaren.

Om tilskott til opphaldsutgifter frå folketrygda, sjå kap. I, punkt 14.

4.2.1
Det blir ikkje rekna frådrag for NORDPLUS-stipend, ERASMUS-stipend eller stipend/legat til skolepengar som Lånekassen ikkje dekkjer. For stipend og legat til utdanning frå andre enn arbeidsgivar blir det rekna frådrag på 60% av beløp over kr 1 580 pr. månad. Sjå likevel punkt 7.1.1.

4.2.2
Barnetrygd, kommunal eller statleg bustøtte og støtte frå folketrygda til å dekkje ekstra utgifter på grunn av sjukdom, skade eller lyte verkar ikkje inn på støttebeløpet.

4.3
Av einsleg søkjars formue over kr 156 000 ved skattelikninga for 1995, går 2% pr. månad til frådrag (dvs. 20 % når undervisningsåret varer i ti månader).

4.4
Av gift søkjars formue (søkjars + ektefelles formue) over kr 299 000 ved skattelikninga for 1995, går 1% pr. månad til frådrag (dvs. 10% når undervisningsåret varer i ti månader). Lånekassen kan likevel sjå bort frå formue som søkjars ektefelle har i særeige.

5 UTREKNING AV UTDANNINGS-STIPENDET

5.1
Det er ikkje nødvendig å søkje lån for å få utdanningsstipend.

5.2
Grunnlaget for utrekning av utdanningsstipend pr. månad (stipendgrunnlaget) er summen av grunnbeløpet i punkt 2, tillegga i punkt 3 og frådraga i punkt 4.

5.3
Det kan ikkje tildelast utdanningsstipend for dei første kr 4 335 pr. månad av stipend-grunnlaget. For den delen av stipend-grunnlaget som er større enn kr 4 335 og mindre enn kr 9 530 pr. månad, blir det gitt 90,7% som stipend (månadssatsen). Månadssatsen blir avrunda oppover til næraste heile fem kroner.

5.3.1
For å få fram samla stipendbeløp må månadssatsen multiplisserast med talet på månader i den utdanningsperioden det blir søkt stipend for.

5.4
For søkjar i kunstutdanning, for flyktning i vidaregåande utdanning og for kvinneleg søkjar som får barn, gjeld det særlege reglar, sjå kap. IV, punkt 1, 2, 3 og 5.

6 UTREKNING AV LÅNET

6.1
Støtte til desse utgiftene kan tildelast berre som lån:

6.1.1
skolepengar, til vanleg avgrensa til kr 18 470 pr. undervisningsår. For skolepengar i land utanfor Norden gjeld det særskilde reglar, sjå kap. V, punkt 6.

6.1.2
nødvendige utgifter til materiell utover satsane i punkt 3.3. Lånet blir tildelt etter nærare reglar, og det er eit vilkår at materiellet er nødvendig, og at utstyret ikkje blir dekt over skolebudsjettet.

6.1.3
Utgifter til reise og ekstra losji når søkjaren tek studieopphald i utlandet som er godkjent for støtte etter kap. I, punkt 8.2 eller punkt 8.2.1.

6.2
Grunnlaget for utrekning av lån er summen av grunnbeløpet i punkt 2, tillegga i punkt 3 og eventuelle tillegg i punkta 6.1.1 - 6.1.3 og frådraga i punkt 4. Summen må multipliserast med talet på månader i den utdannings-perioden det blir søkt lån for.

6.3
Maksimalt lån blir differansen mellom utrekna grunnlag i punkt 6.2 og utrekna utdannings-stipend i punkt 5.

6.4
For andre stipend enn utdanningsstipendet vil det gå fram av reglane for kvart stipend om beløpet skal trekkjast frå ved utrekning av lånet.

6.5
Det kan bli gitt tilleggslån etter nærare reglar når søkjaren dokumenterer at det har oppstått så ekstraordinære forhold at undervisningsåret ikkje kan fullførast utan tilleggslån.

7 REISESTIPEND

7.1
I tillegg til støttebeløpet kan bortebuande søkjar få reisestipend til tre reiser tur-retur for eit heilt undervisningsår (ti månader) mellom registrert heimstad (i Folkeregisteret etter lov om folkeregistrering) i Noreg og skolestaden. Stipendet blir gitt som tilskott etter satsane til Lånekassen. I desse satsane er det teke omsyn til dei moderasjonane som gjeld pr. 1. januar 1997. Det blir gjort eit frådrag på kr 850 pr. undervisningsår som søkjaren må dekkje sjølv. Det gjeld særlege reglar for reisestipend til land utanfor Norden, sjå kap. V, punkt 7. Søkjar som får støtte til fjernundervisning etter kap. I, punkt 4.4, kan ikkje få reisestipend.

7.1.1
Det kan ikkje bli gitt reisestipend til søkjar som får dekt reiser fullt ut av folketrygda eller av andre ordningar. Søkjar som får reiseutgiftene delvis dekte frå andre ordningar, kan få redusert reisestipend.

8 MINSTEBELØP

8.1
Det blir ikkje tildelt lån under kr 65 eller berre stipend under kr 35 pr. månad.

KAP. IV

STØTTE TIL SÆRLEGE GRUPPER

1 UTDANNINGSSTIPEND TIL KUNSTFAGUTDANNING (KUNSTFAGSTIPEND)

1.1
Støttebeløpet blir utrekna etter reglane i kap. II eller kap. III, men med eigne satsar for utrekning av stipend.

1.2
Det blir ikkje gitt stipend for dei første kr 4 040 pr. månad av stipendgrunnlaget. For den delen av stipendgrunnlaget som er større enn kr 4 040 og mindre enn kr 9 440 pr. månad, blir det gitt 100% som stipend til søkjar som utdannar seg ved

1.2.1
Kunsthøgskolen i Oslo, avdeling for ballettutdanning - 3 år

1.2.2
Den norske Balletthøgskole - 3 år

1.2.3
Ballettpedagogisk utdanning ved Høgskolen i Bodø - 3 år

1.2.4
Norges Musikkhøgskoles høgre avdeling - 2 år
Diplomstudium:
Vokal/instrument/komposisjon
Hovudfagsstudium:
Akkompagnement/samspel/ensemblespel, utøving med fordjupingsemne, kammermusikk/soloinstrument/korleiing

1.2.5
Kunsthøgskolen i Oslo, avdeling for operautdanning - 3 år

1.2.6
Kunsthøgskolen i Oslo, avdeling for billedkunstutdanning - 4 år

1.2.7
Vestlandets kunstakademi - 4 år

1.2.8
Kunstakademiet i Trondheim - 4 år

1.2.9
Kunsthøgskolen i Oslo, avdeling for håndverks- og kunstutdanning - 4 1/2 år
Statens høgskole for kunsthandverk og design - 4 1/2 år

1.3
Utdanningsstipend etter punkta 1.1 - 1.2 kan som unntak bli gitt til utdanning i utlandet som tilsvarer dei same fagområda som er nemnde der når opptaket er basert på streng utveljing og konkurranse. Stipendet kan tildelast i like mange år som for tilsvarande utdanning i Noreg.

1.3.1
Utdanningsstipend til kunstfagutdanning kan bli gitt for utdanning i filmregi, scenografi og filmfoto på universitets- eller høgskolenivå etter satsane i punkt 1.2.

1.4
Det kan ikkje bli gitt utdanningsstipend til kunstfagutdanning til hospitantar.

2 VIDAREUTDANNINGSSTIPEND TIL KUNSTNAR

2.1
Etter nærare reglar kan det bli gitt stipend til kunstnar som tek vidareutdanning etter

avslutta ordinær kunstnarutdanning.
For 1997-98 kan stipend bli gitt med opptil kr 47 600. Vidareutdanningsstipendet kjem i staden for utdanningsstipendet. Det kan ikkje tildelast stipend utover eitt årsbeløp til saman.

3 UTDANNINGSSTIPEND TIL FLYKTNING SOM TEK VIDAREGÅANDE UTDANNING (FLYKTNINGSTIPEND)

3.1
Støttebeløpet blir utrekna etter reglane i kap. II eller kap. III, men med eigne reglar for utrekning av stipend.

3.2
Den delen av stipendgrunnlaget som er mindre enn kr 7 480 pr. månad, blir gitt med 100% som stipend.

3.3
Stipendet kan bli gitt til utanlandsk statsborgar som har fått asyl i Noreg, og som tek vidaregåande utdanning her i landet.

3.4
Dersom utdanninga tek til innan tre år etter at søkjaren kom til Noreg, kan det bli gitt stipend for inntil tre år. Dersom utdanninga tek til innan fire år etter at søkjaren kom til Noreg, kan det tildelast stipend for inntil to år. Dersom utdanninga tek til innan fem år etter at søkjaren kom til Noreg, kan det tildelast stipend for inntil eitt år. Tida blir rekna frå 1. juli det året flyktningen kom til landet.

4 STIPEND TIL STUDENTAR VED NORDISKE INSTITUSJONAR

4.1
Etter særlege reglar kan det bli gitt stipend til norske studentar ved Nordiska Institutet för Samhällsplanering i Stockholm, Nordisk Journalistkursus i Århus og Nordiska Hälsovårdshögskolan i Gøteborg.

4.2
Stipendet kan ikkje bli gitt til forskarar som har opphaldsstipend eller har fått støtte av løyvinga til nordisk forskarstipend.

5 STIPEND TIL KVINNELEG SØKJAR SOM FÅR BARN

5.1
Kvinneleg søkjar som får barn i utdanningsperioden, kan få stipend i dei tre siste vekene før fødselen og i dei 39 første vekene etter fødselen (i alt 42 veker). Kvinneleg søkjar som adopterer barn under 15 år i utdanningsperioden, kan få stipend i dei 39 første vekene etter adopsjonen. Det er eit vilkår at utdanninga har vart i minst seks månader før fødselen/ adopsjonen.
Stipendet blir rekna til den maksimale summen som mor til barnet har krav på, jf. kap. I, II, III og V.
Når mor til barnet har rett til stipend, kan stipendet bli gitt til faren dersom han har omsorg for barnet og elles har rett til støtte, eller stipendet kan delast mellom foreldra. Vilkåret om at utdanninga må ha vart i minst seks månader før fødselen, gjeld også for faren.

5.1.1
Når delar av stipendperioden på 42 veker (39 veker ved adopsjon) fell i sommarferien, kan fødselsstipend bli gitt i sommarferien også, til og med 14. august 1998. Når kvinneleg søkjar må ta permisjon frå studiet på grunn av fødsel, kan det bli gitt fødselsstipend i permisjonstida.

5.1.2
Ved fleirbarnsfødsel blir det samla veketalet på 42 auka med fem veker for kvart barn meir enn eitt. Ved fleirbarnsadopsjon blir veketalet på 39 auka med fem veker for kvart barn meir enn eitt.

5.2
Søknaden må vere komen inn seinast seks månader etter at undervisningsåret/kurset er avslutta.

6 STIPEND TIL ELEVAR FRÅ NORD-TROMS OG FINNMARK (TILTAKSSTIPEND)

6.1
Ordninga gjeld bortebuande elevar i vidaregåande utdanning, som er frå tiltakssonen i Nord-Troms (kommunane Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen og Karlsøy) og Finnmark. Det er

eit vilkår at søkjar under 19 år har foreldreheimen i tiltakssonen, og at søkjar over 19 år har registrert bustad (i Folkeregisteret) i tiltakssonen.

6.2
Tiltaksstipend kan tildelast når søkjaren har rett til butillegg etter kap. II, punkt 3, kap. III, punkt 3 eller kap. V.

6.3
For 1997-98 er stipendet kr 590 pr. månad. Det kjem i tillegg til eventuelt utdanningsstipend, men inngår som del av det samla støttebeløpet. Jf. kap. II, punkt 5 og 6 og kap. III, punkt 5 og 6, eller kap. V.

7 OMGJERING AV LÅN TIL STIPEND UNDER SJUKDOM

7.1
Søkjar som blir sjuk og av den grunn ikkje kan følgje undervisninga i ein del av søknadsperioden, kan få lånet for denne tida, men ikkje for meir enn tre månader pr. undervisningsår, omgjort til stipend. Sjukdomsperioden må dokumenterast.

7.2
Retten til omgjering gjeld ikkje for søkjar som er sjuk når undervisninga tek til. Lån kan ikkje omgjerast for den første månaden av søknadsperioden.

7.3
Lån for dei første fjorten dagane av ein sjukdomsperiode (karenstid) kan ikkje gjerast om til stipend. Karenstida kan inngå i den siste delen av den første månaden.

7.4
Lån kan gjerast om til stipend berre for sjukdomsperiodar som fell etter at søknad om lån er komen inn til Lånekassen. Det same gjeld for tilleggslån.

7.4.1
Søknad om omgjering som kjem inn til Lånekassen før søknad om lån, blir ikkje behandla.

7.5
Søkjar som har rett til sjukepengar eller attføringspengar/rehabiliteringspengar frå folketrygda for sjukdomsperioden, kan ikkje få omgjort lån til stipend for den tida dei mottek slike ytingar.

7.6
Søknad om omgjering skal skrivast på særskild blankett (blankett S).

7.7
Søknaden må vere komen inn seinast seks månader etter at undervisningsåret/kurset er avslutta.

8 UTDANNINGSSTØTTE TIL STUDENTAR I TRETERMINS-ORDNING MED SOMMARTERMIN 1997

8.1
Lånekassen kan gi utdanningsstøtte til studentar som er tekne opp i fag som er omfatta av ordninga med sommarterminar. Kva fag/kurs som er omfatta blir fastsette av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Tilbodet er retta mot heiltidsstudentar.

8.2
Faga/kursa i sommarterminordninga erstattar dei vanlege studieopplegga slik at til dømes eit kurs med 10 vekttal vil erstatte eitt semesters studium - jf. normert tid for ulike grader/eksamenar som er fastsette ved kgl.res. 12. og 19. januar 1990, 22. mars 1991, 13. november 1992, 11. juni og 10. september 1993, 20. mai 1994, 30. juni 1995, kronprinsregentens res. 20. oktober 1995, kgl.res. 9. november 1995 og kgl. res. 10. mai 1996. Deltakarar i sommarkurs må ta kurs med minst 5 vekttal for å få støtte.

8.3
Vanleg støtte (lån og utdanningsstipend) kan tildelast etter reglane i kap. I, II eller III for så mange månader som undervisninga varer. Det kan likevel ikkje tildelast lån etter reglane i kap. I, punkt 8.2, jf. kap. III, punkt 6.1.3, til dekning av utgifter til reise og ekstra losji når søkjaren tek studieopphald i utlandet sjølv om opphaldet er godkjend for støtte.

8.3.1
I tillegg til vanleg støtte kan det tildelast eit tilleggslån for den tida som går ut over 10 månader for eit vanleg undervisningsår. Tilleggslånet, som ikkje blir behovsprøvd mot økonomien til søkjaren, er for 1997 på kr 3 180 pr. månad og kan for 1997 gjevast med opptil kr 6 360 for eit opplegg på to månader.

8.4
For å få tilleggslånet må søkjaren elles fylle vilkåra for støtte etter forskriftene i kap. I.

8.5
Søkjarar som består eksamen kan få kr 6 360 av lånet som refererer seg til 1997 omgjort til stipend.

8.6
Søknad om støtte (inklusive tilleggslånet) for sommaren 1997 for dei opplegga som er omfatta av punkt 8.1 skal skrivast på blankett A for 1996-97 og bør sendast Lånekassen før kurset er avslutta. Når søknadene er behandla, blir utbetalingspapira sende til lærestaden og leverte ut der på vanleg måte.

8.7
Søknad om omgjering av lån til stipend ved bestått eksamen, må vere komen inn seinast seks månader etter at faget/kurset er avslutta.

9 UTDANNINGSSTØTTE TIL STUDENTAR I FORKURS TIL INGENIØRUTDANNING SOMMAREN 1997

9.1
Lånekassen kan gi utdanningsstøtte til studentar som er tekne opp i forkurs til ingeniørutdanning sommaren 1997. Støtten blir gitt etter dei satsane og reglane som gjeld for tretermins studieordning nemnt i punkt 8.

10 STØTTE TIL PRIVATISTAR

10.1
Søkjar som ikkje er teken opp ved universitet/ høgskole, men som har lov til å følgje open undervisning og å melde seg opp til eksamen i faget han søkjer støtte til, kan få støtte på desse vilkåra:

10.1.1
Søkjaren må skrive under på ei fråsegn om at studiet er fulltidsutdanning. Eksamen må fullførast innan eitt år, rekna frå semesterstart.

10.1.2
Støtte blir gitt som lån. Dersom søkjaren fullfører eksamen som tilsvarer minst 15 vekttal på eitt år, blir ein del av lånet omgjort til utdanningsstipend/reisestipend.

10.1.3
Dersom eksamen som tilsvarer 15 vekttal ikkje blir fullført på eitt år, blir lånet sett renteberande frå den første i månaden etter at lånet har kome til oppgjer.

10.1.4
Dersom forseinkinga skriv seg frå sjukdom eller fødsel, og låntakaren har rett til omgjering av lån til stipend på grunn av fødsel eller sjukdom, blir lånet likevel ståande rentefritt og delar av lånet gjort om til utdanningsstipend/ reisestipend. Søkjaren må sjølv sende inn dokumentasjon på årsaka til forseinkinga.

KAP. V

STØTTE TIL UTDANNING I LAND UTANFOR NORDEN

1 STATSBORGARSKAP OG TILKNYTING TIL NOREG

1.1
Søkjaren må vere norsk statsborgar for å få tildelt støtte.

1.1.1
Det kan gjerast unntak frå kravet om at søkjaren må vere norsk statsborgar når søkjaren har rett til støtte til utdanning i Noreg etter EØS-avtalen. Det er ein føresetnad at studieopphald i land utanfor Norden er midlertidige. Elles gjeld dei same reglane som for støtte til norsk statsborgar.

1.2
Det er eit vilkår at søkjaren har budd i Noreg i ein samanhengande periode på minst to år i løpet av dei fem siste åra før utdanninga tek til.

1.2.1
Det kan gjerast unntak når søkjaren, ein av foreldra eller ektefellen til søkjaren er, eller har vore

- i norsk utanriksteneste
- i teneste for misjon eller for utviklingsland
- i teneste som norsk representant for ein internasjonal organisasjon eller ein offentleg institusjon
- i teneste i utlandet for norsk næringsliv
- busett i utlandet på grunn av sjukdom

1.2.2
Søkjar som har budd i eit anna nordisk land i ein samanhengande periode på minst to år i løpet av dei fem siste åra før utdanninga startar, kan tildelast støtte.

1.3
Det kan ikkje bli gitt støtte til søkjar som samtidig får støtte frå støtteordninga i eit anna land.

2 KVA UTDANNING DET KAN BLI GITT STØTTE TIL

2.1
Til høgre utdanning i land utanfor Norden kan det bli gitt støtte når utdanninga gir yrkes- eller utdanningskompetanse i Noreg. Utdanninga må til vanleg ha offentleg eller tilsvarande godkjenning. Søkjaren må sjølv dokumentere at utdanninga gir slik kompetanse når det ikkje går fram av generelle reglar for godkjenning. Sjå likevel punkt 4.7.

2.1.1
Dersom utdanninga ikkje gir full yrkes- eller utdanningskompetanse, kan det likevel bli gitt støtte til delvis finansiering av utdanninga når søkjaren får stipend frå andre som dekkjer minst 30% av kostnadene.

2.2
Det kan ikkje tildelast støtte til utdanning utanfor Norden som er på nivå med vidaregåande skole i Noreg. Støtte kan likevel tildelast

2.2.1
til utdanning på nivå med vidaregåande skole som gir studiekompetanse i Noreg, når søkjaren kan få støtte etter punkt 1.2.1

2.2.2
til utdanning på nivå med yrkesfagleg studieretning når tilsvarande fagutdanning ikkje finst i Noreg. Det må vere godtgjort at utdanninga er fagleg tilfredsstillande, og at det er behov for utdanninga her i landet

2.2.3
til utdanning ved desse skolane som tilsvarer allmennfagleg studieretning i vidaregåande skole:

Lycée Alienor d'Aquitaine i Poitiers i Frankrike (gjeld elevar som tok til med utdanning ved skolen før skoleåret 1997-98)
Lycée Alain Chartier i Bayeux i Frankrike
Lycée Corneille i Rouen i Frankrike
Lycée Edouard Herriot i Lyon i Frankrike
Lycée Francois Rabelais i Vendee i Frankrike
Lycée d'enseignement general et technologique Notre Dame i Vendee i Frankrike
Lycée Chevrollier i Angers i Frankrike
Atlantic College i Wales (2 år)
Lester Pearson College i Canada (2 år)
United World College of South East Asia i Singapore (2 år)
Li Po Chun United World College i Hong Kong (2 år)
The Armand Hammer United World College of the American West i New Mexico i USA (2 år)
United World College of the Adriatic i Trieste i Italia (2 år)
United World College of Southern Africa i Swaziland (2 år)
Mahindra United World College of India (2 år)

2.2.4
Som eit ledd i ei forsøksordning kan det tildelast støtte til elevar som er tekne opp i eit godkjent utdanningsprogram i land utanfor Norden gjennom eit samarbeid mellom norsk vidaregåande skole og utanlandsk skole. For 1997-98 er inntil ein klasse ved desse skolane med i ordninga:

Danielsen videregående skole, Bergen, i samarbeid med: Hillcrest Lutheran Academy, Minnesota, Cuyahoga Valley Christian Academy og Mansfield Christian School, Ohio, USA(allmennfag, VKI)

Skedsmo videregående skole, Skedsmo, i samarbeid med Russisk-norsk videregående skole, Moskva, Russland (allmennfag, VK2)

Sogn videregående skole, Oslo, i samarbeid med The Bournemouth and Poole College of Further Education, Bournemouth, England (elektronikk og frisørfag, VKI)

Ulsrud videregående skole, Oslo, i samarbeid med The Bournemouth and Poole College of Further Education, Bournemouth, England (allmennfag, VKI)

Heltberg Private Gymnas i samarbeid med The Bournemouth and Poole College of Further Education, Bournemouth, England (allmennfag, VKI)

Oslo Handelsgymnasium i samarbeid med Broadlands School, Keynsham/Bristol, England (allmennfag, ett semester, VKI)

Lindås gymnas/Internasjonal videregående skole i samarbeid med desse 6 vidaregåande skolane i og omkring Cardiff, South Glamorgan, Wales (allmennfag, VKI):

Barry Boys' Comprehensive School
Bryn Hafren Comprehensive Girls' School
Fitzalan High School
St. Teilo's Church in Wales High School
Cardiff High School
Coleg Glan Hafren

Det er ein føresetnad at utdanninga går inn som ein del av ei utdanning i vidaregåande skole som søkjaren er i gang med i Noreg og at opphaldet i utlandet ikkje skal føre til forseinking i utdanninga.

2.3
Støtte kan tildelast til studieopphald i land utanfor Norden når Lånekassen godkjenner det som eit ledd i høgre utdanning som søkjaren har begynt på i Noreg. Sjå kap. I, punkt 8.2 og kap. V, punkt 6.1.3.

3 KORLEIS UTDANNINGA MÅ VERE LAGD OPP

3.1
Utdanninga må vere ordna som reglementert fulltids dagundervisning og vere i minst eitt fullt semester ved den lærestaden der studenten skal studere.

3.1.1
Unntak frå kravet om at undervisninga må vere i minst eitt fullt semester, kan gjerast når utdanninga har direkte samanheng med yrket til søkjaren eller tidlegare utdanning.

3.2
Det kan ikkje bli gitt støtte til deltidsutdanning.

4 FAGLEG, ØKONOMISK OG GEOGRAFISK AVGRENSING

4.1
Det kan tildelast støtte berre dersom søkjaren har generell studiekompetanse i Noreg. Det kan også stillast krav om bestemte studieretningsfag og karakterar frå vidaregåande skole for tildeling av støtte til somme fagområde.

4.1.1
Det kan gjerast unntak frå kravet om generell studiekompetanse til kunstutdanningar ved anerkjende lærestader når det heller ikkje i Noreg blir stilt krav om slik kompetanse ved opptak til vedkommande kunstutdanning. Det er eit krav at lærestaden har strenge krav for opptak.

4.2
Søkjaren må ha gode nok språkkunnskapar til å kunne følgje undervisninga.

4.3
Det kan ikkje tildelast støtte til forutdanning som søkjaren må ha for å kome inn på eit fagstudium. Det kan heller ikkje ettertildelast støtte til utdanning som ikkje gir rett til støtte, sjølv om utdanninga blir godskriven ved opptak i utdanning som gir rett til støtte.

4.4
Det kan ikkje tildelast støtte til utdanning ved lærestader der kostnadene ligg på eit særleg høgt nivå, med mindre det er særleg behov for utdanninga.

4.5
Til utdanning i USA og Canada kan det tildelast støtte berre når søkjaren tek høgre utdanning på universitet eller lærestad på tilsvarande nivå (senior college). Til utdanning i USA kan det tildelast støtte frå og med andre året av eit Bachelor-program.

4.5.1
Unntak kan gjerast for første år av kiropraktorutdanning.

4.5.2
Unntak kan gjerast for første år av utdanninga når studieplassen er spesielt tilrettelagd for søkjar som er døv eller sterkt hørselshemma.

4.5.3
Unntak kan gjerast for første år av utdanning som er godkjend i tilretteleggingsprogrammet for teknologiske fag, inklusive datafag. Sjå punkt 6.4.

4.5.4
Det kan ikkje tildelast støtte til toårig «associate degree»-kurs ved amerikanske lærestader.

4.5.5
Det kan tildelast støtte til søkjar som tek utdanning på junior college, når utdanninga er særleg godt tilrettelagt for studentar med funksjonshemming, og særleg godt tilrettelagt tilbod på fagområdet ikkje finst i Noreg.

4.6
Til utdanning i USA og Canada kan søkjar få økonomisk garanti for støtte etter dei satsane som gjeld for det enkelte undervisningsår, og i normert tid fram til godkjend hovudeksamen.

4.7
Til utdanning i andre ikkje-europeiske land enn USA og Canada kan det tildelast støtte når Lånekassen har godkjent utdanninga og utdanninga gir kompetanse i Noreg, jf. punkt 2.1.

5 UTREKNING AV STØTTEBELØPET

5.1
I utrekninga av støttebeløpet inngår det eit grunnbeløp. For 1997-98 er grunnbeløpet kr 3 800 pr. månad. Elles gjeld satsar og reglar for tillegg og frådrag i kap. II og III, med unntak av butillegget som blir fastsett av Lånekassen for eit halvt år om gongen for kvart enkelt land. Samla lån kan avgrensast, sjå kap. I, punkt 12.

5.2
Utdanningsstipendet blir utrekna etter reglane i kap. II og III. Sjå likevel kap. IV, punkt 1 om utdanningsstipend til kunstfagutdanning. Skolepengar blir ikkje dekte utover satsane i punkt 6.

6 DEKNING AV SKOLEPENGAR

6.1
Det kan bli gitt gebyrstipend i normert studietid til heil eller delvis dekning av skolepengane til

6.1.1
utdanning som gir kompetanse som tilsvarer dei fagområda ved norske universitet og vitskaplege høgskolar som er nemnde under punkt A på side 26.

6.1.2
vidareutdanning på nivå med høgre grad i Noreg, der det ikkje blir gitt gebyrstipend til grunnutdanninga. Sjå punkt B på side 26.

6.1.3
utdanning som varer i inntil eitt år og som blir godkjend av Lånekassen som ledd i ei påbegynt høgre utdanning i Noreg, nemnt under punkt C på side 26.

6.1.4
utdanning som gir fullstendig yrkeskompetanse tilsvarande norsk høgre utdanning som er nemnt under punkt D på side 26.

6.1.5
høgre utdanning som ikkje finst ved norske lærestader, og som gir fullstendig yrkes-kompetanse, nemnt under punkt E på side 26.

6.1.6
utdanning som er særleg godt tilrettelagt for studentar med funksjonshemming, når særleg godt tilrettelagt tilbod ikkje finst ved norske lærestader. Sjå punkt F på side 26.

6.2
I 1997-98 kan det tildelast gebyrstipend til eit heilt undervisningsår med opptil kr 46 400. Stipend frå andre til skolepengar går til frådrag i gebyrstipendet.

6.3
Til fagområde som ikkje går inn under punkta 6.1.1 til 6.1.6 kan det ikkje tildelast lån eller stipend til dekning av skolepengar.

6.3.1
Det blir likevel gitt gebyrstipend til dekning av skolepengar for å fullføre eit fagstudium som det blei gitt gebyrstipend til då utdanninga starta.

6.3.2
Det blir ikkje tildelt gebyrstipend til doktorgradsstudium e.l.

6.4
Til sivilingeniør- og EDB-utdanning ved somme lærestader i land utanfor Norden kan det tildelast tilleggsstipend til dekning av skolepengar utover satsane i punkt 6.2. Det same gjeld for somme master-program ved visse lærestader innanfor merkantile fag. Ordninga med tilleggsstipend omfattar også somme master-program i internasjonale forhold/internasjonal politikk, jus og industri-design. Dessutan er alle linjene på masternivå ved desse universiteta/høgskolane omfatta av ordninga med tilleggsstipend: University of Cambridge, Cranfield University, London Business School, London School of Economics, Manchester Business School og University of Oxford og i USA ved Harvard University og Yale University. Det blir rekna ein eigendel på kr 6100. Eigendelen kan likevel overstige kr 6 100 ved særskilt dyre lærestader og ved valutakursjusteringar. Gebyrstipendet og tilleggsstipendet kan til saman ikkje overstige kr 95 400 for eitt undervisningsår. Det kan dessutan bli gitt eit ekstrastipend på kr 8 200 til språkkurs før fagstudiet i Frankrike, Italia og Spania.

7 DEKNING AV REISER

7.1
Det kan bli gitt tillegg for ei tur-retur-reise i året mellom norsk grensestasjon og lærestaden. Tillegget blir rekna etter rimelegaste transport-middel/klasse med frådrag for moderasjon eller stipend frå andre til dekning av reiser. Tillegget blir delt med 50% som stipend og 50% som lån. Det kan også bli gitt reisestipend til reiser i Noreg etter reglane i kap. II og III.

7.1.1
Dersom foreldra til søkjaren bur i land utanfor Noreg, kan det ikkje gis reisetillegg. Søkjar over 18 år som budde i Noreg før utdanninga tok til, kan likevel få reisetillegg.

UTDANNING I LAND UTANFOR NORDEN SOM DET KAN TILDELAST GEBYRSTIPEND TIL ETTER KAP. V, PUNKT 6.1

Det kan tildelast gebyrstipend til desse utdanningane i 1997-98 når Lånekassen har godkjent utdanninga for støtte etter kap. V, punkt 2.1:

A

Utdanning som gir kompetanse som tilsvarer desse fagområda ved norske universitet og vitskaplege høgskolar: (Stipendet kan tildelast til og med Master Degree eller tilsvarande. Det kan ikkje tildelast gebyrstipend til vidareutdanning ut over dette nivået.)

- farmasi
- teknologiske fag
- bioteknologi
- datafag
- veterinærmedisin
- landbruksfag (inkl. miljøfag, økologi og næringsmiddelteknologi)
- skogbruksfag
- fiskerifag (inkl. akvakultur)
- sosialøkonomi
- medisin
- radiografi
- merkantile fag
- psykologi

B

Vidareutdanning som varer inntil to år på nivå med høgre grad i Noreg (Master Degree e.l.), der det ikkje blir gitt gebyrstipend til grunnutdanninga.

C

Utdanning som varer i inntil eitt år og som Lånekassen godkjenner som ledd i ei høgre utdanning som søkjaren har begynt på i Noreg.

D

Utdanning som gir fullstendig yrkeskompetanse som tilsvarer desse høgre utdanningane i Noreg:

- fysioterapi (omfattar ikkje studentar som begynte på eit studium i Tyskland i undervisningsåret 1995-96 eller seinare)
- sjukepleie
- vernepleie
- ergoterapi
- bioingeniørutdanning
- kosthaldsøkonomi/husøkonomi/dietetikarutdanning
- interiørarkitektur
- kunstutdanning (teater, biletkunst, dans, musikk og opera)
- kunsthandverk og design
- tekstil-/konfeksjonsutdanning
- fotoutdanning
- tolk- og translatørutdanning
- hotellfag og turisme
- journalistikk og mediefag
- bibliotekutdanning

E

Utdanning som gir fullstendig yrkeskompetanse, men som ikkje finst ved norske lærestader:

- kiropraktikk
- terapifag
- ingeniørfag, når tilsvarande tilbod ikkje finst ved norske ingeniørhøgskolar
- teologi, når utdanninga ikkje er dekt av norske undervisningstilbod
- filmregi/filmfoto
- scenografi
- utviklingsstudium

Også anna høgre utdanning som ikkje finst i Norge, kan vurderast for tildeling av gebyrstipend.

F

Utdanning som er særleg godt tilrettelagt for studentar med funksjonshemming når særleg godt tilrettelagt tilbod ikkje finst ved norske lærestader.

KAP. VI

FORRENTING OG TILBAKEBETALING AV LÅN I 1997

1 BETALINGSPLAN

1.1
Det blir sendt ut betalingsplan dersom låntakaren:

- har avslutta eller avbrote ei utdanning han/ho har hatt støtterett til
- er i ei utdanning han/ho har støtterett til, men ikkje søkjer støtte
- ikkje lenger har rett til støtte etter kap. I
- tek ei utdanning Lånekassen ikkje gir støtte til.

1.2
Betalingsplanen viser frå kva dato lånet er sett renteberande, kor lang nedbetalingstid som er fastsett og storleiken på terminbeløpa med gjeldande rentesats.

1.3
Ein låntakar som har fått betalingsplan og får lån til ny utdanning, får ved avslutta utdanning fastsett ny betalingsplan for tidlegare og nytt lån.

1.4
Den tidlegare ordninga med lågterminar vil framleis gjelde for låntakarar som har slike betalingsvilkår.

2 RENTEVILKÅR

2.1
Lånet blir forrenta etter den rentesats som Kongen fastset. Pr. 1. juli 1997 er rentesatsen 5,5% p.a. Renta blir belasta på etterskott den siste datoen i kvar månad.
Det blir rekna 1% høgre rente enn ordinært av heile lånet frå den datoen gjelda er oppsagd.

2.2
Det blir rekna rentesrente med den rentesatsen som gjeld. I 1997 blir renter som ikkje er betalte, sette renteberande 15. mai og 15. november. For låntakar som har lån frå før 1. juli 1985, blir det ikkje rekna renter av rentegjeld som er opparbeidd før 1. januar 1990.

2.3
Det blir rekna renter av lånet frå det første månadsskiftet etter at låntakaren har avslutta/ avbrote utdanninga, eller når låntakaren ikkje lenger har rett til støtte etter kap. I og kap. V.

3 NEDBETALINGSTID

3.1
Den lengste nedbetalingstida er 20 år frå den datoen lånet blir sett renteberande. Lån større enn kr 170 000 vil til vanleg gi 20 års nedbetalingstid.

3.2
Lånet skal vere betalt innan låntakaren fyller 65 år. For låntakarar over 45 år blir lengste nedbetalingstid kortare enn 20 år. I samsvar med dette kan terminbeløpa bli oppjusterte.

3.3
Nedbetalingstida kan i visse høve utvidast ved betalingsutsetjingar på til saman to år. Sjå også pkt. 10.3. Nedbetalingstida kan likevel ikkje utvidast til meir enn 30 år.

3.4
Kongen kan avgjere at nedbetalingstida og terminbeløpa skal endrast for lån som har fått fastsett betalingsplan.

3.5
Gjelda kan når som helst innfriast eller nedbetalast raskare og med større beløp enn fastsett i betalingsplanen.

4 TERMINBELØP

4.1
Terminbeløpa blir fastsette etter annuitetsprinsippet, slik at lånet blir nedbetalt på den fastlagde nedbetalingstida. Minste terminbeløp er kr 1 900.

4.2
Betalingsutsetjing kan ikkje bli gitt dersom det fører til at dei framtidige terminbeløpa blir 1,35 gonger større enn halvparten av det opphavlege terminbeløpet. Sjå pkt 3.2 og 3.3.

4.3
I særlege tilfelle kan Lånekassen fråvike reglane for fastsetjing av terminbeløpa.

4.4
Terminbeløpet kan reduserast eller aukast dersom rentesatsen blir endra.

5 FORFALL, VARSEL,VARSEL OM OPPSIGELSE, GEBYR OG FRIST

5.1
Første terminforfall blir til vanleg fastsett til ca. 10 månader etter at utdanninga er avslutta eller avbroten. Dette gjeld også ved ny betalingsplan etter pkt 1.3.

5.2
Terminforfalla i 1997 er 15. februar, 15. mai, 15. august og 15. november. Terminbeløpet skal betalast sjølv om låntakaren ikkje har motteke varsel, t.d. ved adresseendring. Låntakaren pliktar snarast råd å melde adresseendring til Lånekassen eller til Folkeregisteret. Låntakarar som er busette i utlandet, må melde adresseendring direkte til Lånekassen.

5.3
Ved varsling om terminbeløp som forfell, får låntakaren lagt til eit gebyr på kr 20. Gebyret kjem i tillegg til terminbeløpet.

5.4
Ein låntakar som ikkje betaler terminbeløpet ved forfall, får tilsendt andregongsvarsel og får då lagt til eit gebyr på kr 250.

5.5
Dersom låntakaren ikkje betaler ved andregongsvarsel, blir det sendt ut varsel om oppseiing av heile gjelda. Ved varsel om oppseiing får låntakaren lagt til eit gebyr på kr 350. Sjå også pkt. 2.1 og 2.2.

5.6
Ei innbetaling dekkjer i denne rekkjefølgja: inkassoomkostningar, gebyr, renter og lån.

5.7
Krav om rentefritak som gjeld forhold frå før 1. januar 1994, er forelda.

6 RENTEFRITAK UNDER UTDANNING

6.1
Det kan bli gitt rentefritak når låntakaren tek fulltidsutdanning og har rett til støtte etter kap. I og kap. V, i så lang tid som det kan bli gitt støtte. Lån som er tildelt etter kap. IV, punkt 10 (privatistar), kan likevel bli rentebelasta dersom låntakaren ikkje har tilfredsstillande fagleg progresjon. Ein låntakar som tek utdanning utan å søkje støtte, må søkje om betalingslette for kvart undervisningsår.

6.1.1
Ein låntakar som tek deltidsutdanning og har rett til støtte, kan få rentefritak for tidlegare lån dersom låntakaren har ei brutto månadsinntekt på kr 7 100 eller lågare. Grensa blir heva med kr 1 000 for kvart barn under 16 år som låntakaren forsørgjer.

6.1.2
Det blir gitt rentefritak berre under praksis som er ein obligatorisk del av studieplanen, og som det kan bli gitt støtte til.

6.1.3
Det kan frå 1. juli 1995 bli gitt rentefritak for låntakarar som har fått lovnad om opptak og står i kø for å komme inn på profesjonsstudiet i psykologi i Noreg.

7 RENTEFRITAK AV SOSIALE OG ØKONOMISKE ÅRSAKER

7.1
Det kan bli gitt rentefritak når ein låntakar har ei brutto månadsinntekt på kr 10 000 eller mindre. Beløpet blir auka med kr 1000 for

kvart barn under 16 år som låntakaren forsørgjer. I tillegg må eitt av krava under punkta 7.1.1 - 7.1.5 vere oppfylt:

7.1.1
Låntakaren avtener militærteneste (førstegongsteneste) eller sivilteneste i minst tre månader. Det same gjeld for låntakarar som er elevar ved militære skolar.

7.1.2
Låntakaren dokumenterer sjukdom, medisinsk rehabilitering, yrkesretta attføring eller registrert arbeidsløyse som varer i minst tre månader samanhengande.

7.1.3
Låntakaren dokumenterer svangerskap, fødsel og omsorgspermisjon etter fødsel. Det kan bli gitt rentefritak i inntil tolv månader til den av foreldra som har omsorg for barnet. Det same gjeld ved adopsjon av barn under ti år. I periodar der foreldra deler omsorga, kan rentefritaket delast.

7.1.4
Låntakaren har tillitsverv på fulltid i landsomfattande elev- eller studentorganisasjon, eller i tilknyting til utdanningsinstitusjon eller studentsamskipnad. Tillitsvervet må vare i minst tre månader. Rentefritak kan bli gitt i inntil tolv månader.

7.1.5
Låntakaren har omsorgsarbeid som varer i minst tre månader. Som omsorgsarbeid blir rekna omsorg for barn under ti år eller omsorg for uføre eller eldre med stort pleiebehov i den næraste familien. Sjå likevel pkt 7.3.

7.2
Det kan bli gitt rentefritak når ein låntakar i fulltidsarbeid kan dokumentere å ha hatt samanhengande fulltidsarbeid i tolv månader eller lengre, og at brutto månadsinntekt i tolv månader har vore kr 7 100 eller lågare i gjennomsnitt. Beløpet blir auka med kr 1 000 for kvart barn under 16 år som låntakaren forsørgjer. Sjå likevel punkt 7.3.

7.3
Rentefritak etter punkta 7.1.5 og 7.2 blir vurdert i forhold til inntekta til eventuell ektefelle, partnar eller sambuar. Inntekta må dokumenterast. Rentefritak blir berre gitt til den som sjølv har inntekt under grensa. Det er ein føresetnad at den samla brutto månadsinntekta er under kr 20 000. Grensa blir heva med kr 2 000 for kvart barn under 16 år som låntakaren forsørgjer. Om definisjon av sambuar, sjå kap. I, pkt. 2.2.

7.4
Opphald i fengsel eller sikringsanstalt gir ikkje grunnlag for rentefritak.

8 BETALINGSUTSETJING VED RENTEFRITAK

8.1
Dersom ein låntakar oppfyller krava til rentefritak, kan det etter søknad bli gitt betalingsutsetjing for terminbeløp i den same perioden.

9 BETALINGSUTSETJING UNDER UTDANNING

9.1
Ein låntakar i deltidsutdanning som kan få støtte etter kap. I, punkt 4.2, men som ikkje oppfyller krava til rentefritak, kan få betalingsutsetjing i til saman to år utan oppjustering av terminbeløpa når brutto månadsinntekt er kr 10 500 eller mindre. Grensa blir heva med kr 1 000 for kvart barn under 16 år som låntakaren forsørgjer. Blir det gitt betalingsutsetjing i meir enn to år, skal terminbeløpet oppjusterast. Det kan ikkje bli gitt utsetjing til låntakar som tek deltidsutdanning i utlandet, jf. kap. I, pkt. 6.1 og kap. V, pkt. 3.2.

9.2
Ein låntakar som tek fulltidsutdanning som er omfatta av støtteordningane i Lånekassen, men som ikkje kan få støtte etter kap. I, kan få betalingsutsetjing i til saman eitt år når brutto månadsinntekt er kr 13 000 eller mindre. Grensa blir heva med kr 1 000 for kvart barn under 16 år som låntakaren forsørgjer.

9.3
Ein låntakar som tek fulltidsutdanning som ikkje er omfatta av støtteordningane i Lånekassen, kan få betalingsutsetjing i normert tid når brutto månadsinntekt er kr 13 000 eller mindre. Grensa blir heva med kr 1 000 for kvart barn under 16 år som låntakaren forsørgjer.

9.4
Betalingsutsetjing etter punkta 9.2 og 9.3 fører til vanleg til at seinare terminbeløp blir auka slik at nedbetalingstida ikkje blir lengre.

10 BETALINGSUTSETJING AV SOSIALE OG ØKONOMISKE ÅRSAKER

10.1
Betalingsutsetjing kan bli gitt når ein låntakar har brutto månadsinntekt på kr 13 000 eller lågare. Beløpet blir auka med kr 1 000 for kvart barn under 16 år som låntakaren forsørgjer. I tillegg må eitt av krava under punkta 10.1.1 - 10.1.3 vere oppfylt.

10.1.1
Låntakaren dokumenterer sjukdom, medisinsk rehabilitering, yrkesretta attføring eller registrert arbeidsløyse som varer i minst tre månader.

10.1.2
Låntakaren er einsleg forsørgjar med barn under ti år.

10.1.3
Låntakaren forsørgjer ektefelle/partner/sambuar utan inntekt og barn under ti år. Om definisjon av sambuar, sjå kap. I, pkt 2.2.

10.2
Einsleg låntakar i fulltidsarbeid kan få betalingsutsetjing når det blir dokumentert at brutto månadsinntekt i tolv månader er kr 10 500 eller lågare.

10.3
Betalingsutsetjing etter punkta 10.1.1 - 10.1.3 og 10.2 kan til saman bli gitt i to år utan oppjustering av terminbeløpet. Dersom betalingsutsetjing blir gitt for meir enn to år til saman, skal terminbeløpet oppjusterast.

10.4
Låntakarar som får ein vanskeleg økonomisk situasjon som dei ikkje kunne sjå på førehand, kan få betalingsutsetjing. Betalingsutsetjing etter same årsaka kan berre bli gitt i til saman eit halvt år. Søknad om slik betalingsutsetjing må sendast inn seinast ein månad etter terminforfall. Betalingsutsetjing etter dette punktet fører til vanleg til at seinare terminbeløp blir auka, slik at nedbetalingstida ikkje blir lengre.

10.5
Det kan som eit unntak bli gitt betalingsutsetjing for ein termin slik at to terminbeløp blir betalte ved neste forfall.

11 ETTERGIVING

11.1
Blir låntakaren minst 50 % ufør og får uførepensjon eller invalidepensjon, kan gjelda bli heilt ettergitt når brutto månadsinntekt er kr 10 000 eller lågare. Når brutto månadsinntekt er mellom kr 10 000 og kr 15 099, kan gjelda bli nedskriven og terminbeløpet redusert. Nedskrivinga er avhengig av inntekta og storleiken på gjelda. Grensene blir heva med kr 1 000 for kvart barn under 16 år som låntakaren forsørgjer.
Storleiken på pensjon og inntekt må dokumenterast, og fødselsattest må sendast inn for eventuelle barn under 16 år som låntakaren forsørgjer.

11.1.1
Har låntakaren vore arbeidsufør i minst seks år på grunn av sjukdom, kan det gi grunnlag for ettergiving etter dei same inntektsgrensene. Sjukdom, inntekt og at låntakaren er arbeidsufør, må dokumenterast. Det er ein føresetnad at låntakar ikkje er under medisinsk rehabilitering eller yrkesretta attføring.

11.1.2
Dersom helsetilstanden til låntakaren blir betre seinare, kan vedtaket om ettergiving bli oppheva.

11.1.3
Dersom låntakaren får tildelt ny støtte etter kap. I, blir vedtaket om ettergiving oppheva.

Er vedtaket om ettergiving gjort for meir enn ti år sidan, blir det ikkje oppheva.

11.1.4
Lånekassen kan avslå ettergiving av støtte som låntakaren har heva uten å ha rett til det.

11.2
At låntakaren har fylt 65 år eller har betalt i 20 år, gir ikkje grunnlag for ettergiving av gjeld.

11.3
Døyr låntakaren, blir restgjelda ettergitt.

11.4
Om ettergiving etter lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersoner (gjeldsordningsloven) av 17. juli 1992, sjå pkt. 13.5.

12 MISLEGHALD AV LÅNET

12.1
Dersom låntakaren ikkje betaler etter varsel om oppseiing, vil gjelda bli kravd inn gjennom Statens innkrevingssentral. Gjelda vil til vanleg likevel bli kravd inn gjennom den ordinære namsmannen når det gjeld eldre saker som ligg til behandling hos den ordinære namsmannen.

12.1.1
Ved misleghald av lånet kan Lånekassen be Statens innkrevingssentral om å ta utlegg i løn og liknande ytingar etter reglane i lov om fordringshavers dekningsrett §2-7 og ved å stifte utleggspant, jf. lov 26. april 1985 nr. 21 om utdanningsstøtte til elever og studenter, § 9a. Likeins kan Lånekassen be den ordinære namsmannen om å ta utlegg i løn og liknande ytingar etter reglane i lov om fordringshavers dekningsrett §2-7 og ved å stifte utleggspant når det gjeld saker om gjeld som vil bli kravd inn gjennom den ordinære namsmannen, jf. pkt 12.1.

12.1.2
Lånekassen kan halde pant i lausøyre eller fast eigedom til heile gjelda er innfridd.

12.1.3
Lånekassen kan belaste låntakaren kostnadene ved innkrevjing av gjelda.

12.2
Dersom lånet har vore grovt og vedvarande misleghalde, misser låntakaren retten til betalingslette og ettergiving etter dette kapitlet. Slike fordringar blir overførte permanent til Statens innkrevingssentral for innkrevjing etter lov om tvangsfullbyrdelse. Lånet blir sett på som grovt og vedvarande misleghalde når det har vore oppsagt i tre år. Lånekassen kan gjere unntak frå dette når:

- låntakaren har løpande frivilleg betalingsordning
- låntakaren har løpande tvungen betalingsordning
- låntakaren har betalt inn eit vesentleg beløp dei siste tolv månadene
- Lånekassen på grunnlag av særskilde forhold finn det rimeleg å unnta lånet frå overføring.

Dersom låntakaren har blitt innvilga betalingslette i dei siste åra, blir lånet sett på som grovt og vedvarande misleghalde når den samla tida etter oppseiinga som låntakaren ikkje har dokumentert rett til betalingslette for, overstig tre år. Tidlegare misleghald som er gjort opp, blir ikkje rekna med.

12.3
Misleghald av betalingspliktene vil til vanleg føre til avslag på søknad om støtte til ny utdanning.

12.4
Dersom låntakaren er tildelt støtte han/ho ikkje hadde rett til, kan heile lånet bli forrenta frå det tidspunktet låntakaren fekk tildelt støtte. Heile gjelda kan bli sagd opp.

13 UTDANNINGSGJELD OG GJELDSORDNINGSLOVEN

13.1
Utdanningsgjeld er omfatta av vilkåra i lov om frivilleg og tvungen gjeldsordning for privatpersonar (gjeldsordningsloven) av 17. juli 1992. Gjeld til Lånekassen skal behandlast på linje med anna gjeld med tilsvarande sikring.

13.1.1
Lånekassen kan gå inn i forhandlingar om gjeldssanering etter denne loven når namsretten har opna gjeldsforhandling.

13.2
Ved opning av gjeldsforhandling skal låntakaren ha betalingsutsetjing etter § 3-4 i gjeldsordningsloven.

13.3
Dersom låntakaren etter gjeldsforhandlingsperioden oppnår frivilleg gjeldsordning eller rettsavgjerd om tvungen gjeldsordning, skal betalingsvilkåra fastsetjast i samsvar med det. Blir gjeldsordning avvist, blir låntakaren behandla etter vanlege reglar.

13.4
I gjeldsforhandlingsperioden og i gjeldsordningsperioden skal låntakar som hovudregel ikkje kunne tildelast nytt lån.

13.5
Etter at ein gjeldsordningsperiode som er heimla i gjeldsordningsloven er fullført i samsvar med avtalt frivilleg gjeldsordning eller rettsavgjerd om tvungen gjeldsordning, kan restgjelda bli ettergitt heilt eller delvis.

KAP. VII

INNTEKTSAVHENGIG NEDSETJING AV TERMINBELØP FOR 1997 (INTB)

1 GENERELT

1.1
Dette kapitlet gjeld nedsetjing av terminbeløp i forhold til brutto årsinntekt til låntakaren for 1997.
Hovudreglane for forrenting og tilbakebetaling av lån går fram av kap. VI.

2 VILKÅR FOR NEDSETJING AV TERMINBELØP

2.1
Ein låntakar kan få sett ned terminbeløpa for 1997 dersom summen er større enn 6 prosent av brutto årsinntekt for 1997. Prosentsatsen blir fastsett for eitt år om gongen. Det er vidare ein føresetnad at låntakaren:

2.1.1
har ordinære terminbeløp på til saman kr 9 000 eller meir for 1997

2.1.2
har ei årsinntekt som fører til ei nedsetjing på kr 1 500 eller meir pr. år

2.1.3
er å jour med betalinga for tidlegare terminar

2.1.4
på behandlingstidspunktet har ei samla nedbetalingstid som ikkje er lengre enn 30 år

2.1.5
på behandlingstidspunktet har ei nedbetalingstid som gjer at lånet er innfridd før låntakaren har fylt 65 år

2.1.6
bur i og er skattepliktig til Noreg i heile 1997.

Låntakar som gjer teneste i Det norske fredskorps, kjem likevel inn under ordninga. Låntakarar med opphald i utlandet som varer kortare enn seks månader, kan kome inn under ordninga dersom dei
- skattar til Noreg i heile 1997
- ikkje har inntekt i utlandet
- er folkeregistrert i Noreg og bruker norsk varseladresse.

2.2
Låntakar som har ulike terminbeløp i 1997, kan få terminbeløpet for de(t) enkelte forfall nedsett etter nærare reglar.

2.3
Nedsetjing av terminbeløp etter denne ordninga blir gitt i maksimalt sju år.

2.3.1
Nedsetjing av terminbeløp vil likevel ikkje bli gitt dersom det fører til at framtidige terminbeløp blir minst 1,35 gonger større enn det opphavelege kvartalsvise terminbeløpet eller minst 1,35 gonger større enn halvparten av det opphavelege halvårlege terminbeløpet.

3 TERMINBELØPA FOR 1997

3.1
Ved nedsetjing blir summen av terminbeløpa sett til 6 prosent av oppgitt inntekt for 1997. Jf. likevel punkt 2.2.

3.1.1
Summen av terminbeløpa for 1997 kan ikkje reduserast til mindre enn kr 7 500.

4 RENTEVILKÅR

4.1
Lånet blir forrenta etter ordinære rentevilkår.

Det blir likevel ikkje rekna renter etter kap. VI, punkt 2.2 av auka rentegjeld som følgje av nedsetjing av terminbeløp etter dette kapitlet.

4.1.1
For å kunne få rentelette etter punkt 4.1 må låntakaren betale terminbeløpet ved forfall.

5 KONSEKVENSAR AV NEDSETT TERMINBELØP

5.1
Ved nedsetjing av terminbeløp kan nedbetalingstida utvidast dersom:

5.1.1
samla nedbetalingstid ikkje vil bli lengre enn 30 år

5.1.2
lånet vil bli innfridd innan låntakaren fyller 65 år.

5.2
Når nedbetalingstida ikkje kan utvidast som følgje av grensene i punkt 5.1.1 eller 5.1.2, blir framtidige terminbeløp auka.

6 SØKNAD OG OPPLYSNINGSPLIKT

6.1
Søknad om nedsette terminbeløp for 1997 må sendast Lånekassen på særskild søknads-blankett (blankett T).

6.2
Søknad om nedsette terminbeløp for forfalla i 1997 må vere motteken av Lånekassen seinast 10. desember 1996.

6.2.1
Søknader som er mottekne etter fristen, blir ikkje behandla.

6.2.2
Låntakar som får redusert årsinntekt etter at søknaden er ferdigbehandla, vil ikkje kunne få ny nedsetjing av terminbeløpa for 1997 etter dette kapitlet.

6.3
I søknaden må låntakaren oppgi forventa brutto årsinntekt for 1997. Brutto årsinntekt utgjer det same som personinntekt. Dette omfattar m.a. løn og anna godtgjering for arbeid i og utanfor tenesteforhold når arbeidet eller oppdraget ikkje er utført som ledd i sjølvstendig næringsvverksemd, godtgjering som medlem av styre o.l., føderåd i jord- og skogbruk, livrenter som er ledd i pensjonsordningar i arbeidsforhold, pensjonar (m.a. ytingar frå folketrygda), bortsett frå barnepensjon til barn det blir ytt barnetrygd for, og vederlag til arbeidstakar i samband med at arbeidsforhold tek slutt. I tillegg kjem skattepliktig utbytte av aksjar i norske selskap.

6.4
Låntakaren må snarast råd i 1997, og seinast innan 31. desember 1997, skriftleg melde frå til Lånekassen dersom inntekta ser ut til å auke med kr 25 000 eller meir i forhold til den inntekta som er oppgitt på søknadsblanketten. Blir inntektsauken meld seinare, vil det kunne bli rekna gebyr ved etterkontrollen, sjå punkt 7.2.

7 ETTERKONTROLL AV SØKNADSOPPLYSNINGAR

7.1
Opplysningar om forventa årsinntekt vil bli etterkontrollert mot faktisk inntekt når skattelikninga for 1997 ligg føre. Kontrollen vil skje automatisk mot Skattedirektoratet sitt dataregister.

7.2
Viser etterkontrollen mot likninga at låntakaren har hatt ei årsinntekt på kr 25 000 eller meir enn oppgitt i søknaden, utan å ha meldt frå innan fristen, blir det rekna rente og rentesrente av for lite innbetalt beløp. Det blir også rekna et gebyr på 10 prosent p.a. av for lite innbetalt beløp. Det blir også rekna rente, rentesrente og gebyr av for lite innbetalt dersom låntakaren ikkje hadde rett til å bruke ordninga. For lite innbetalt beløp, renter og gebyr blir kravde inn. Dersom beløpet ikkje blir betalt, vil det ikkje bli gitt ny nedsetjing av terminbeløp etter dette kapitlet, og heile lånet kan bli oppsagt, sjå kap. VI, punkt 5.5.

7.2.1
Dersom likningsopplysningar manglar, blir det ikkje gitt ny nedsetjing av terminbeløp etter dette kapitlet.

KAP. VIII

ETTERGIVING AV UTDANNINGSLÅN I 1997 FOR KANDIDATAR SOM HAR FULLFØRT LANGVARIG UNIVERSITETS- OG HØGSKOLEUTDANNING I HAUSTSEMESTERET 1996 ELLER I VÅRSEMESTERET 1997

1 GENERELT

1.1

Låntakarar som har fullført visse universitets-/ høgskoleutdanningar som er normerte til ti, elleve, tolv, tretten eller fleire semester, kan få ettergitt ein del av utdanningslånet i Lånekassen. Normert tid for dei ulike utdanningane er fastsette ved kgl.res. 12. og 19. januar 1990, 22. mars 1991, 13. november 1992, 11. juni 1993, 10. september 1993, 20. mai 1994, 30. juni 1995, kronprinsregentens res. 20. oktober 1995, kgl.res. 9. november 1995, kgl. res. 10. mai 1996 eller av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.

2 TIDSROM

2.1

Haustsemesteret 1996 blir her rekna frå 15. august 1996 til 14. januar 1997 og vårsemesteret 1997 blir rekna frå 15. januar 1997 til 14. august 1997.

3 BELØP SOM KAN BLI ETTERGITT I FORHOLD TIL NORMERT TID

Normert tid:		Ettergitt beløp:	
10 semester		inntil kr	20 300
11 «		«	« 31 500
12 «		«	« 42 400
13 «	eller meir	«	« 48 000

3.1

Lån kan ikkje bli ettergitt for meir enn ei utdanning.

3.2

Støtte som låntakaren har heva utan å ha rett til det, kan bli trekt frå ettergivingsbeløpet.

4 NORMERT TID FOR UTDANNINGAR SOM GIR RETT TIL ETTERGIVING

4.1

Utdanning som er normert til 10 semester:

4.1.1

Oppnådd grad ved norske universitet:

- cand.odont.
- cand.scient.
- siv.ing. (gjeld ikkje siv.ing.grad oppnådd ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet eller ved Universitetet i Tromsø der graden er normert til ni semester.)
- cand.pharm.
- sivilarkitekt
- fiskerikandidat
- Master of Science
- Master of Philosophy
- Kandidat i helseadministrasjon
- Kandidat i arbeidshelse
- Kandidat i folkehelsevitskap
- Master of Arts - ESST

4.1.2

Eksamen/grad ved statlege høgskolar, vitskaplege høgskolar og private høgskolar:
Høgskolen i Stavanger:

- 2-årig sivilingeniørutdanning
- Master of Science, Norsk hotellhøgskole

Høgskolen i Telemark:
- 2-årig sivilingeniørutdanning

Høgskolen i Narvik:
- 2-årig sivilingeniørutdanning

Høgskolen i Oslo:
- hovudfag i bibliotek- og informasjonsfag

Noregs landbrukshøgskole:
- Siv.ing.
- cand.agric.
- cand.scient

Noregs handelshøgskole:
- Master of Business Administration

BI Stiftelsen:
- Master of Business Administration
- Master of Management
- Master of Science

Bergen arkitektskole:
- sivilarkitekt

4.2
Utdanning som er normert til 11 semester:

4.2.1
Oppnådd grad ved norske universitet:
- cand.oecon.
- Master of Technology Management
- Maritim kandidat

4.2.2
Eksamen/grad ved statlege og vitskaplege høgskolar:
Arkitekthøgskolen i Oslo:
- sivilarkitekt

Noregs veterinærhøgskole:
- cand.med.vet.

Noregs Landbrukshøgskole:
- Master of Science

4.3
Utdanning som er normert til 12 semester:

4.3.1
Oppnådd grad ved norske universitet:
- cand.jur.
- cand.med. Oslo, Bergen, Trondheim
- cand.philol.
- cand.polit.
- cand.sociol.
- sjukepleiekandidat
- cand.theol.
- 3. avd. spesialpedagogikk (hovudfag)
- Master of Technology Management
- cand.psychol. Trondheim
- cand.san.

4.3.2
Eksamen/grad ved vitskaplege og private høgskolar:
Menighetsfakultetet i Oslo:
- cand.theol.
- cand.philol.

Noregs handelshøgskole:
- eksamen frå høgre avdeling

Noregs idrettshøgskole:
- idrettskandidat

Noregs musikkhøgskole:
- cand.musicae
- diplomeksamen

4.3.3
2-årig hovudfagsutdanning som byggjer på adjunktkompetanse eller tilsvarande ved statlege og private høgskolar:
Høgskolen i Oslo:
- hovudfag i forming
- hovudfag i småbarnspedagogikk

Høgskolen i Bergen:
- hovudfag i musikkpedagogikk
- hovudfag i samfunnsfag

Høgskolen i Nord-Trøndelag:
- hovudfag i kroppsøving

Norsk lærarakademi:
- hovudfag i kristendom
- hovudfag i pedagogikk

Høgskolen i Akershus:
- hovudfag i hushaldsvitskap
- hovudfag i yrkespedagogikk

Høgskolen i Buskerud:
- hovudfag i handel- og kontorfag

Høgskolen i Stavanger:
- 3. avdeling (hovudfag) i spesialpedagogikk

Høgskolen i Telemark:
- hovudfag i forming

Høgskolen i Østfold:
- hovudfag i merkantilt tysk

Høgskolen i Agder:
- hovudfag i matematikk-didaktikk

Høgskolen i Bodø:
- hovudfag i bedriftsøkonomi

4.4
Utdanning som er normert til 13 semester eller meir:

4.4.1
Eksamen/grad ved norske universitet:
- cand.jur. Oslo (gjeld kandidat som er registrert som student på 2. avd. eller høgre avdeling i studiet før haustsemesteret 1993.)
- cand.med. Oslo, Bergen, Tromsø
- cand.paed.
- cand.psychol. Oslo, Bergen, Tromsø
- mag.art.
- cand.paed.spec. (4. avd. spesialpedagogikk)

4.4.2
Eksamen/grad ved privat høgskole:
Misjonshøgskolen i Stavanger:
- cand.theol.

5 EKSAMEN/GRAD FRÅ UNIVERSITET/HØGSKOLE I UTLANDET

5.1
Ordninga omfattar desse eksamenar/gradar frå universitet/høgskole i utlandet som har normert studietid på 10 semester eller meir:

5.1.1
hovudfag/grad i andre nordiske land som tilsvarer eksamen/grad som er nemnd under punkt 4.1-4.4.2 ovanfor.

5.1.2
gradar frå land utanfor Norden som tilsvarer:
- cand.med.
- cand.med.vet.
- sivilarkitekt
- cand.odont.
- cand.scient.
- cand.pharm.
- cand.agric.
- andre gradar som tilsvarer og er likeverdige med norske gradar i punkt 4.1-4.4.2.

5.1.3
kiropraktorutdanning
Andre gradar kan og vurderast for ettergiving når det gjeld kompetansegivande utdanning på høgt nivå som ikkje finst i Noreg, dersom utdanninga har ei normert tid på ti semester eller meir.

5.1.4
For eksamen/grad under 5.1.1 og 5.1.2 er det eit vilkår at samla studietid er normert til 5 år eller meir. Dessutan er det eit vilkår at søkjaren ikkje har fått ettergitt lån tidlegare i utdanningsprogrammet.

5.1.5
For utdanningar i 5.1.1 og 5.1.2 kan Lånekassen ettergi eit beløp som tilsvarer det som gjeld for same utdanning i Noreg.

6 TIDSPUNKT FOR ETTERGIVING

6.1
Ettergiving etter reglane i punkt 4 og 5 vil gjelde frå første månadskifte etter at endeleg eksamen/grad er bestått. Låntakaren vil få betalingsplan som tek omsyn til ettergivinga.

7 SØKNAD OM ETTERGIVING

7.1
Søknad om ettergiving av utdanningslån skal skrivast på særskild blankett (blankett H).

8 SØKNADSFRIST

8.1
Søknadsfristen er 30. april for låntakar som har teke eksamen i haustsemesteret, og 31. oktober for låntakar som har teke eksamen i vårsemesteret.

KAP. IX

ETTERGIVING AV UTDANNINGSLÅN I 1997 FOR LÅNTAKARAR SOM ER BUSETTE I OG UTØVER EIT YRKE I FINNMARK ELLER I EIN AV DEI SJU VERKEMIDDELKOMMUNANE I TROMS OG FOR LEGAR SOM UTØVER EIT YRKE SOM LEGE I UTVALDE KOMMUNAR UTANFOR DENNE REGIONEN

1 OMFANG

1.1

Låntakarar som er busette i og som utøver eit yrke i Finnmark eller i ein av kommunane Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen og Karlsøy i Nord-Troms (regionen), kan etter søknad få lånet (långjelda ved avslutta utdanning, ikkje renter) ettergitt med 10 prosent pr. år, men maksimum kr 16 500 og minimum kr 2 000 pr. år, til lånet er nedbetalt.

1.2

Ordninga omfattar også låntakarar som er yrkesaktive legar i desse kommunane:
Troms: Gratangen, Ibestad, Torsken og Berg
Nordland: Tysfjord, Rødøy, Nesna, Bø, Øksnes, Evenes, Vega, Flakstad, Moskenes og Andøy
Nord-Trøndelag: Leka, Fosnes, Røyrvik, Høylandet og Lierne
Møre- og Romsdal: Aure
Fylkeslegen avgjer kva legar som er yrkesaktive i desse kommunane. Det er ikkje eit vilkår for ettergiving etter dette punktet at låntakaren er busett i kommunen. Rett til ettergiving kan opptenast frå 1. januar 1992.

2 KRAV TIL LÅNTAKAREN

2.1

Det er ein føresetnad at låntakaren etter avslutta utdanning dokumenterer å ha vore busett og yrkesaktiv i regionen i tolv samanhengande månader (ein opptenings-periode). Busette i regionen som er tilsette på skip, oljeleitingsfarty eller faste installasjonar på kontinentalsokkelen, kan etter nærare reglar blir rekna som yrkesaktive i regionen.

2.1.1

Som yrkesaktiv blir rekna:

- låntakar i fulltidsarbeid
- låntakar som har deltidsarbeid med minst 50 prosent og som samtidig er registrert som arbeidssøkjar til fulltidsarbeid
- låntakar som har sesongarbeid på fulltid i minst seks månader, og som er registrert som arbeidssøkjar til fulltidsarbeid i resten av opptenings-perioden
- låntakar som har omsorg for barn under ti år, eller har særleg tyngjande omsorgs-pliktar i den næraste familien.

2.2

Låntakar som er i førstegongs militær- eller sivilteneste kan ikkje rekne tenestetida med i opptenings-perioden.

3 OPPTENINGSPERIODE

3.1

Opptenings-tida skal vere tolv samanhengande månader. Etter nærare reglar kan det gjerast unntak i kravet om samanhengande opptenings-tid ved avbrot pga. førstegongsteneste og avbrot pga. utdanning. Ved avbrot på grunn av utdanning kan det gjerast unntak ein gong og for opp til eitt år.

3.2
For låntakarar som allereie bur i eller flytter til regionen og begynner i arbeid der etter 1. januar, blir oppteningsperioden rekna frå første månadsskiftet etter at dei har begynt i arbeid.

3.3
Er oppteningsperioden delt på fleire kalenderår, nyttar Lånekassen dei forskriftene som gjaldt ved starten av oppteningsperioden.

4 ETTERGIVINGSREGLAR

4.1
Ettergivinga skjer etter avslutta opptenings-periode.

4.2
Ettergivingsgrunnlaget er totalt lån (hovudstolen) ved avslutta utdanning med frådrag for beløp som er ettergitt etter andre ordningar (kap. VI, punkt 11 og kap. VIII). Det blir også gjort frådrag for tildelt støtte som låntakaren ikkje hadde rett til. Lån som ikkje er sett renteberande før utløpet av opptenings-perioden, kan ikkje inngå i ettergivings-grunnlaget.

4.3
Avdrag som har forfalle til betaling før utløpet av oppteningsåret, men som ikkje er betalt på tidspunktet for ettergiving, blir ikkje ettergitt med mindre låntakaren har rett til betalingsutsetjing for dette avdraget.

4.4
Når lånet er sagt opp ved varsel om oppseiing, kan søknad om ettergiving ikkje behandlast med mindre forfalle terminbeløp er betalt, eller det kan bli gitt betalingsutsetjing etter kap. VI i forskriftene.

4.5
Alle påløpte renter skal betalast.

4.6
Etter kvar ettergiving blir det fastsett nye betalingsvilkår.

5 SØKNAD OM ETTERGIVING

5.1
Søknad om ettergiving av utdanningslån skal skrivast på særskild blankett (blankett F).

6 SØKNADSFRIST/FORELDING

6.1
Dokumentert søknad om ettergiving må sendast inn etter kvar ny oppteningsperiode. Søknaden må vere motteken av Lånekassen innan tre månader etter utløpet av opptenings-perioden for at kravet ikkje skal bli forelda.

KAP. X

STØTTE OG ETTERGIVING FOR STATSBORGARAR FRÅ SAMVELDET AV UAVHENGIGE STATAR, LAND I SENTRAL- OG AUST-EUROPA OG UTVIKLINGSLAND

1 OMFANG

1.1
Dette kapitlet gjeld for statsborgarar over 18 år frå visse utviklingsland og Aust-Europa som blei tekne opp ved høgskole/universitet i Noreg frå og med haustsemesteret 1994, etter dei vilkåra som Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har fastsett for eit særskilt utdanningsprogram med kvote-tildeling.

2 KRAV TIL SØKJAREN

2.1
Det er eit vilkår at søkjaren har fått tildelt studieplass i høgre utdanning etter det utdanningsprogrammet som er nemnt i punkt 1.1, har opphaldsløyve som utdanningssøkjar, og skal bruke utdanninga i heimlandet når studiet er fullført.

2.2
Det er til vanleg eit vilkår at søkjaren søkjer om opptak frå heimlandet og kan dokumentere opphald i heimlandet i minst eitt år før opptak i programmet.
Unntak frå kravet om å søkje frå heimlandet kan gjerast for søkjar som tidlegare har fått støtte frå Lånekassen, eller som har finansiert utdanning i Noreg på annan måte. Det er då ein føresetnad at samla studietid, medrekna tidlegare motteken støtte, ikkje blir meir enn fem år.

3 UTDANNINGSOPPLEGG, FAGLEG PLAN OG INNFØRINGSPROGRAM

3.1
Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet fastset nærare reglar for omfanget av det særskilt tilrettelagde utdanningsprogrammet, og kva for studieopplegg ved norske universitet og høgskolar som kan bli med under ordninga.

3.2
Før støtte kan tildelast, må søkjaren leggje ein fagleg plan for heile utdanningsprogrammet som Lånekassen kan godkjenne.

3.3
Det kan bli gitt støtte i inntil eitt år til kortvarig innføringskurs i norsk når utdanningsinstitusjonen gir tilbod om slikt kurs.

4 KOR LANG TID DET KAN BLI GITT STØTTE

4.1
Lånekassen kontrollerer den faglege framgangen.

4.2
Det kan bli gitt støtte for den tida som er fastsett for utdanninga. Eventuelt innførings-program i norsk kjem i tillegg, jf. punkt 3.3.

4.2.1
Ved forseinking i utdanninga kan det bli gitt støtte i inntil eitt år utover normert tid.

4.3
Det kan bli gitt støtte til hovudfags- og doktorgradsutdanning. Det er eit vilkår at det samla utdanningsprogrammet ikkje varer i meir enn fire år. Dersom søkjar planlegg doktorgradsutdanning, kan det berre bli gitt støtte i eitt år på hovudfagsnivå.

4.3.1
Dersom feltarbeid i heimlandet i minst eitt år inngår i utdanningsprogrammet, kan det til saman bli gitt støtte i opptil fem år. Støtte til feltarbeid blir gitt etter dei same reglane som gjeld for norske søkjarar, jf. kap. I, punkt 8.2.

4.4
Til profesjonsutdanningar kan det tildelast støtte i opptil fire år. Ved desse utdanningane gjeld ikkje kravet om to års høgre utdanning før opptak på kvoteprogram.

4.4.1
Eventuelt innføringsprogram i norsk kjem i tillegg, jf. punkt 3.3.

5 UTREKNING AV STØTTEBELØPET (STIPEND OG LÅN)

5.1
Ved utrekning av støttebeløpet (stipend og lån) gjeld dei same reglane og satsane for grunnbeløp, butillegg, bøker og materiell og skolepengar som ved utrekning av støttebeløpet i kap. III. Det kan også bli gitt støtte til ei årleg heimreise. Støtte blir gitt med 50% som stipend og 50% som lån.

5.1.1
Gift søkjar kan få forsørgjartillegg berre når ektefelle og barn har opphaldsløyve og bur i Noreg. Dersom det ikkje er barn i ekteskapet, kan det ikkje bli gitt forsørgjartillegg.

6 ETTERGIVING AV UTDANNINGSLÅN

6.1
Låntakarar som har fått støtte etter reglane i dette kapitlet til å gjennomføre ei utdanning i Noreg, kan få ettergitt utdanningslånet når dei reiser tilbake til heimlandet for å busetje seg varig der.

6.2
Låntakar som bur i Noreg eller i eit anna land enn heimlandet etter avslutta utdanning, kan ikkje få lånet ettergitt. For desse gjeld dei same reglane om forrenting og tilbakebetaling som for norske statsborgarar, jf. kap. VI.

6.3
Dersom låntakaren seinare vender tilbake til Noreg, vil vedtaket om ettergiving bli oppheva. Er vedtaket eldre enn ti år, kan vedtaket likevel ikkje bli endra.

KAP. XI

MISLEGHALDNE LÅN SOM ER PERMANENT OVERFØRTE TIL STATENS INNKREVINGSSENTRAL I 1997

1 LÅN SOM ER PERMANENT OVERFØRT TIL STATENS INNKREVINGSSENTRAL OG GJELDSORDNINGSLOVEN

1.1
Lån som er permanent overførte til Statens innkrevingssentral er omfatta av vilkåra i lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersoner (gjeldsordningsloven) av 17. juli 1992. Utdanningsgjeld til staten skal behandlast på linje med anna gjeld med tilsvarande tryggingsgrad.

1.1.1
Statens innkrevingssentral kan gå inn i forhandlingar om gjeldssanering etter denne lova når namsretten har opna gjeldsforhandling.

1.2
Ved opning av gjeldsforhandling skal låntakaren ha betalingsutsetjing etter § 3-4 i gjeldsordningsloven.

1.3
Etter at ein gjeldsordningsperiode som er heimla i gjeldsordningsloven er fullført i samsvar med avtalt frivillig gjeldsordning eller rettsavgjerd om tvungen gjeldsordning, kan restgjelda bli ettergitt heilt eller delvis.

2 UTANRETTSLEG GJELDSORDNING FOR LÅN SOM ER OVERFØRT PERMANENT TIL STATENS INNKREVINGSSENTRAL

2.1
Statens innkrevingssentral kan delta i gjeldsordningar utenfor gjeldsordningsloven når Lånekassen har overført si fordring permanent til staten, jf lov 26. april 1985 nr. 21 om utdanningsstøtte til elever og studenter, § 8 siste ledd.

2.2
Ein førespurnad om gjeldsordning utanfor gjeldsordningsloven vert rekna som framsett når skyldnaren eller medhjelparen hans har sendt eit grunngitt forslag til Statens innkrevingssentral. Førespurnaden skal innehalde opplysningar om inntekta, formuen, gjelda og levekostnadene til skyldnaren og opplysningar om ektefelle, sambuar, talet på barn og anna som kan vere av verd for saka. Reglane i gjeldsordningsloven gjeld som utfyllande regelverk.

2.3
Innanfor gjeldsordningsperioden skal det takast omsyn til sannsynlege endringar, m.a. endringar i gjeld, inntekt, utdanning og forsytarskyldnader. Tilsvarande skal det takast omsyn til arbeidsuførleik, langvarig sjukdom og andre omstende som det er grunn til å rekne med kan påverke betalingsevna.

2.4
Etter at ein utanrettsleg gjeldsordningsperiode er fullført i samsvar med den gjeldsordninga som er avtala, kan restgjelda heilt eller delvis bli ettergitt.

3 BETALINGSVILKÅR FOR LÅN SOM ER OVERFØRTE PERMANENT TIL STATENS INNKREVINGSSENTRAL

3.1
Fordringar som blir permanent overførte til Statens innkrevingssentral, blir forrenta etter den rentesatsen som Kongen fastset for lån i

Lånekassen. Pr. 1. juli 1997 er rentesatsen 5,5 prosent p.a. Renta blir belasta på etterskott den siste datoen i kvar månad. Det blir rekna 1 prosent høgre rente enn ordinært av heile lånet frå den datoen fordringa er overført.

3.1.1
Det blir rekna rentesrente med den rentesatsen som gjeld. I 1997 blir renter som ikkje er betalte, sette renteberande 15. mai og 15. november. For låntakar som har lån frå før 1. juli 1985, blir det ikkje rekna renter av rentegjeld som er opparbeidd før 1. januar 1990.

3.2
Ei innbetaling dekkjer i denne rekkefølgja: inkassoomkostningar, gebyr, renter og lån.

3.3
For Statens innkrevingssentral gjeld lov om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring, m.a. saksbehandlings- og klagereglane i lova. Statens innkrevingssentral kan inngå frivillige betalingsordningar og gjere vedtak om tvungne nedbetalingsordningar.

3.4
Manglande betalingsevne, t.d. av di låntakaren har vorte ufør, kan vere grunnlag for ettergiving om låntakaren etter kapittel 2 i dekningsloven ikkje har tilstrekkeleg til livsopphald til seg sjølv og husstanden sin.

3.5
Døyr låntakaren før lånet er betalt, blir restgjelda ettergitt.

Gruppering av utdanningar som går inn under vidaregåande utdanning og høgre utdanning

Vidaregåande utdanning

FOLKEHØGSKOLE

VIDAREGÅANDE SKOLE
Alle grunnkurs, vidaregåande kurs I og II

LÆRLINGAR
Lærlingar med godkjend lærekontrakt

HELSE OG SOSIALT ARBEID
Kosmetologskole
Tannlegesekretærutdanning

HANDVERK, INDUSTRI, TEKNISKE FAG
Forkurs til ingeniørhøgskole
Meisterprøveutdanning
Musikkinstrument - reparatørutdanning
Norges trelastskole
Teknisk - naturvitskaplege fag
Norsk lydskole
Statens kjølemaskinistskole
Teknisk fagskole
Teknologisk institutt
Statens Bergskole

SJØFART, FISKE, LANDBRUK
Hagebruks- og gartnarskole
Kystskipperkurs
Maskinførerskolen for landbruk
Meieriskole
Naturbruk/agronomutdanning
Statens dykkerskole
Teknisk fagskole

HANDEL, ØKONOMI, ADMINISTRASJON
Fagkurs i edb
Fagkurs i marknadsføring
Fagkurs i reiseliv
Fagkurs i økonomi og kontorfag
Fagskolen for bok og papir
Sekretærkurs
Studentfagkurs

BIBLIOTEK, PRESSE, MEDIA
Pressefotografutdanning

MISJON, MENIGHET
Bibelskole, grunnleggjande kurs
Frelsesarmeens offiserskole

PEDAGOGISK UTDANNING
Statens trafikklærarskole

KUNST, KUNSTHANDVERK, REKLAME
Asker kunstskole
Einar Granum kunstskole
Friundervisningens estetiske fag
(keramikklinje, tegne- og maleskole)
Kunstskolen i Rogaland
Moteskolen A/S
Musikkfagskole
Mølla kunstskole
Oslo tegne- og maleskole
Plus-skolen
Skolen for grafisk design
Strykejernets maleskole
Sverre Wolff dekorasjon- og reklameskole
Westerdals Reklameskole
Ålesund Kunstskole

Høgre utdanning

UNIVERSITETA

HELSE, OMSORG, MEDISIN
Audiografutdanning
Barnevernspedagog
Bioingeniørutdanning
Diakonutdanning
Ergoterapi
Fysioterapi
Helsesøsterutdanning
Jordmorutdanning
Radiografutdanning
Sjukepleie
Sosionomutdanning
Reseptarutdanning
Tannpleiarutdanning
Vernepleiarutdanning
Veterinærutdanning
Andre universitetsutdanningar

HANDVERK, INDUSTRI
Arkitektutdanning
NHI-Datahøgskolen
Ingeniørutdanning
Statens næringsmiddeltekniske skole
Andre universitets- og høgskoleutdanningar

SJØFART, FISKE, LANDBRUK
Fiskeriteknisk høgskoleutdanning
Losutdanning
Maritim høgskole
Norges landbrukshøgskole
Andre universitetsutdanningar

HANDEL, ØKONOMI, ADMINISTRASJON
Handelshøyskolen BI
Høgre studium i marknadsføring
Høgre studium i bedriftsøkonomi
Revisorutdanning
Translatørutdanning
Varehandelens høgskole
Andre høgre merkantile skoler
Økonomisk college
Andre universitets- og høgskoleutdanningar

BIBLIOTEK, PRESSE, MEDIA
Mediehøgskolen, Gimlekollen Mediesenter
Bibliotekutdanning
Journalistutdanning
Andre universitets- og høgskoleutdanningar

MISJON, MENIGHET
Bibelskole, høgre utdanning
Diakonutdanning
Menighetsfakultet
Misjonshøgskole
Misjonsskole
Teologisk seminar
Andre universitets- og høgskoleutdanningar

PEDAGOGISK UTDANNING
Allmennlærarutdanning
Den norske eurytmiskole
Faglærarutdanning
Førkolelærarutdanning
Spesialpedagogikk
Andre universitets- og høgskoleutdanningar

KUNST OG KUNSTHANDVERK
Balletthøgskole
Kunstakademiet i Trondheim
Musikkonservatorium,
faglærar- og kandidatutdanning
Norges musikkhøgskole
Skrivekunstakademiet
Statens høgskole for kunsthandverk og design
Statens handverks- og kunstindustriskole
Statens kunstakademi
Statens operahøgskole
Statens teaterhøgskole
Vestlandets kunstakademi

ANDRE HØGSKOLAR
Distriktshøgskole
Idrettshøgskole
Norsk hotellhøgskole
Norsk lærarakademi
Politihøgskolen
Statens sikkerhetshøgskole
Vitskapleg høgskole

LOV AV 26. APRIL 1985 NR. 21 OM UTDANNINGSSTØTTE TIL ELEVER OG STUDENTER MED ENDRINGER SENEST VED LOV 22. DESEMBER 1989 NR 107, VED LOV AV 20. DESEMBER 1991 NR 86, LOV AV 30. APRIL 1993 NR 41 OG VED LOV AV 23. JUNI 1995 NR 36.

Kapittel I

FORMÅL OG OMFANG

§ 1
Utdanningstøtteordningens formål er å

- bidra til å fjerne ulikhet og fremme likestilling slik at utdanning kan skje uavhengig av geografiske forhold, alder, kjønn, økonomisk eller sosial situasjon,
- bidra til at utdanningen skjer under tilfredsstillende arbeidsforhold, slik at studiearbeidet kan bli effektivt,
- bidra til å sikre samfunnet tilgang på utdannet arbeidskraft.

§ 2
Utdanningsstøtte kan etter søknad gis elever og studenter ved offentlige videregående eller høyere utdanningsinstitusjoner. Det samme gjelder elever og studenter ved andre utdanningsinstitusjoner som etter vedtak av departementet i faglig henseende anses likeverdige med de offentlige utdanningsinstitusjonene. Utdanningsstøtte kan også gis til utdanning i utlandet.

Kapittel II

UTDANNINGSSTØTTE

§ 3
Utdanningsstøtte kan gis som stipend og lån. Ved tildeling av støtte skal det som regel tas hensyn til søkers og eventuell ektefelle eller samboers inntekt og formue.

Kongen fastsetter en øvre aldersgrense for behovsprøving mot forsørgers inntekt og formue.
Departementet fastsetter kostnadsnormen for støtte til livsopphold. Øvrige satser for utdanningsstøtte fastsettes i forskrift gitt av departementet og ellers av Statens lånekasse for utdanning, jf. § 10.

§ 4
Utdanningsstipend kan gis elever og studenter som er berettiget til utdanningstøtte. Stortinget fastsetter rammene og prinsippene for hvor stor del av støtten som skal gis som utdanningsstipend.

§ 5
Reisestipend kan gis til lengre reiser mellom hjem og skolested.
Gebyrstipend kan gis til hel eller delvis dekning av skolepenger ved utdanning i land utenfor Norden.
Det kan gis andre særlige stipend til spesielle utdanningsretninger. Stortinget fastsetter satsene for særlige stipend.

§ 6
Utdanningsstøtte som ikke gis som stipend, etter bestemmelsene i §§ 4 og 5, kan gis som lån.

§ 7
Det regnes renter og rentesrente av lånet når utdanningen er avsluttet eller normal utdanningstid er gått. Rentesrente skal ikke regnes ved nedsettelse av terminbeløpene etter § 8 første ledd tredje punktum med mindre nedsettelsen var urettmessig. Kongen fastsetter rentesatsen for lån.

§ 8
Statens lånekasse for utdanning, jf. § 10, fastsetter tilbakebetalingsplan for den enkelte låntaker. Lånene nedbetales etter annuitetsprinsippet. Departementet kan gi regler om nedsettelse av summen av terminbeløpene for det enkelte år slik at den ikke overstiger en viss prosent av låntakers årsinntekt.
Samlet tilbakebetalingstid regnet fra det tidspunkt lånet blir rentebærende, jf. § 7, skal som regel ikke være lengre enn 20 år. For låntakere som får terminbeløpene satt ned etter tredje punktum, kan samlet tilbakebetalingstid likevel utgjøre inntil 30 år fra det tidspunkt lånet blir rentebærende.
Departementet kan gi regler om fravik fra bestemmelsen i annet punktum for låntakere som går inn under bestemmelsen i tredje ledd tredje punktum.
Kongen kan bestemme at tilbakebetalingstiden og terminbeløpene skal endres for lån som har fått fastsatt tilbakebetalingsplan.
Gjelden faller bort ved låntakers død.
Departementet kan gi regler om hel eller delvis ettergivelse av lån når det finnes rimelig på grunn av uførhet eller langvarig sykdom.
Departementet kan også gi regler om hel eller delvis ettergivelse av lån for låntakere som er bosatt i og utøver et yrke i Finnmark eller i visse deler av Troms, og for leger som utøver legeyrket i utvalgte kommuner utenfor denne region. Likeledes kan departementet gi regler om hel eller delvis ettergivelse av lån for låntakere som har avsluttet utdanningen og avlagt eksamen i enkelte lange studier.
Departementet kan dessuten gi regler om ettergivelse på visse vilkår av gjeld i sin helhet for låntakere fra utviklingsland og fra Øst-Europa som tar varig opphold i sine hjemland. Viser oppholdet seg ikke å være av varig art, kan departementet gi regler om reaktivering av gjelden. Er vedtaket om ettergivelse eldre enn 10 år, kan vedtaket likevel ikke endres.
Departementet kan gi regler om utsettelse med betaling av renter og avdrag hvor videre utdanning, militærtjeneste, sykdom eller omsorgsforpliktelser har ført til vesentlig svikt i inntekt, eller hvor andre forhold har ført til at det vil virke urimelig å kreve betaling etter den fastsatte tilbakebetalingsplan. For særlige tilfeller kan det også gis regler om avkall på renter. Departementet kan fastsette at det kan deltas i forhandlinger om gjeldsordning etter gjeldsordningsloven. Departementet kan i forskrift dessuten fastsette at staten kan delta i gjeldsordninger utenfor gjeldsordningsloven dersom Lånekassen har overført sin fordring til staten.

§ 9
Departementet gir forskrifter for tildeling av utdanningsstøtte, tilbakebetaling av lån og særskilte gebyrer ved for sen innbetaling, eller ved urettmessig nedsettelse av terminbeløpene etter § 8 første ledd tredje punktum.
Departementet kan stille faglig krav, begrense adgangen til å kombinere forskjellig utdanning, sette aldersgrenser og sette andre vilkår for utdanningsstøtte. Departementet kan fastsette at søkere helt eller delvis kan nektes ytterligere utdanningsstøtte dersom de har avgitt uriktige opplysninger, og av den grunn har mottatt støtte de ikke har hatt rett til. Statens lånekasse for utdanning gir nærmere regler om stipend og lån.

§ 9a
Krav på tilbakebetaling av utdanningsstøtte er tvangsgrunnlag for utlegg.
Når Statens innkrevingssentral er pålagt å innkreve krav som nevnt i første ledd, kan den inndrive kravet ved trekk i lønn og andre lignende ytelser etter reglene i dekningsloven § 2-7. Innkrevingssentralen kan også inndrive kravene ved å stifte utleggspant for kravet dersom panteretten kan gis rettsvern ved registrering i et register eller ved underretning til en tredjeperson, jf. panteloven kapittel 5, og utleggsforretningen kan holdes på Innkrevingssentralens kontor etter tvangsfullbyrdelsesloven § 7-9 første ledd.

Kapittel III

ADMINISTRASJON

§ 10
Statens lånekasse for utdanning (Lånekassen) er sentralorgan for utdanningsstøtteordningen nevnt i §§ 3-9. Lånekassen har hovedkontor i Oslo. Det kan opprettes kontor på steder hvor det anses formålstjenlig.

§ 11
Lånekassen ledes av et styre på fem medlemmer med personlige varamedlemmer. Styret oppnevnes av Kongen for inntil 3 år. Kongen fastsetter hvem som skal være leder og nestleder i styret. Styret er vedtaksført når minst tre medlemmer er til stede.
Lånekassen skal ha en direktør som tilsettes av Kongen. Direktøren leder Lånekassens daglige drift og deltar i styrets møter, men uten stemmerett.

§ 12
Departementet oppnevner en klagenemnd som er klageinstans etter forvaltningslovens kap. VI for enkeltvedtak om utdanningsstøtte. For tjenestemannssaker er departementet klageinstans.
Klagenemnda har tre medlemmer med personlige varamedlemmer som oppnevnes for inntil 3 år. Departementet fastsetter hvem som skal være leder og nestleder i klagenemnda. Lånekassens administrasjon er sekretariat for klagenemnda.

§ 13
Lånekassen skal ha et grunnfond bestående av midler bevilget av Stortinget. Fondet tilhører staten, men kan ikke tilbakeføres med mindre Lånekassen avvikles og dens forpliktelser er dekket. Av fondet betales renter til staten etter en rentesats fastsatt av Kongen. Lånekassens støtteordninger etter §§ 3-7 finansieres ved grunnfondet, midler bevilget over det årlige statsbudsjett og innlån fra staten.
Til å dekke utgiftene ved ettergivelse av lån, jf. §8, tredje ledd, og avskrivning for tap på fordringer gis det årlige bevilgninger.
Departementet sørger for revisjon av regnskapene, og fører tilsyn med Lånekassen.
Styret sender hvert år innen utgangen av mars måned departementet rapport og regnskap for foregående år. Riksrevisjonen fører kontroll med departementets myndighetsutøvelse etter instruks fastsatt av Stortinget.

§ 14
Departementet kan gi nærmere forskrifter om organisasjonen og virksomheten til Lånekassen.

Kapittel IV

FORSKJELLIGE BESTEMMELSER

§ 15
Norske undervisningsinstitusjoner med studenter eller elever som er berettiget til utdanningsstøtte plikter å medvirke til gjennomføring av ordningene i samsvar med nærmere bestemmelser som blir gitt av departementet og Lånekassen.

§ 16
Lånekassen kan innhente opplysninger om den enkelte støttesøker og låntaker fra offentlig myndighet og offentlige registre og fra private utdanningsinstitusjoner etter forskrift gitt av departementet.

§ 17
Loven trer i kraft fra den dato Kongen bestemmer. Fra samme dato oppheves lov av 19. juni 1969 nr 49 Om stønad til ungdom i vidaregåande utdanning.
For tildeling av utdanningsstøtte gjelder loven fra og med undervisningsåret 1985-86. For låntakere som har lån fra før 1. juli 1985 regnes det ikke renter av rentegjeld som er opparbeidet før 1. januar 1990. Det kan likevel regnes rentes rente ved urettmessig nedsettelse av terminbeløpene etter § 8 første ledd tredje punktum fra før 1. januar 1990 selv om låntakerne har lån fra før 1. juli 1985.
Departementet kan forøvrig fastsette nødvendige overgangsbestemmelser.

Klage på behandlingsresultatet

Enkeltvedtak kan påklages Lånekassens klagenemnd etter reglene i forvaltningslovens kap. VI. Klagefristen er 3 uker fra den dagen meldingen om behandlingsresultatet kom fram. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt innen fristen går ut.

Klagen skal sendes til Lånekassen. Den må være underskrevet, og kundenummer (løpenummeret) bør være oppgitt. Det må gå fram hvilket vedtak søkeren klager på, og hvilken endring han krever.
Lånekassen gir nærmere veiledning om klageretten og om framgangsmåten ved klagen. Det er ikke anledning til å klage på forskriftene, bare på anvendelsen av disse.

Forskrift om adgang til innhenting av opplysninger direkte fra offentlige kontorer

Fastsatt av Kultur- og vitenskapsdepartementet 10. desember 1987 i henhold til § 16 i lov 26. april 1985 nr 21 om utdanningsstøtte til elever og studenter.

1. HOVEDREGEL
1.1.
De opplysninger Lånekassen trenger skal innhentes fra støttesøkeren/ låntakeren.

1.2.
Når forholdene krever det, kan det innhentes opplysninger direkte fra aktuelle læresteder/ offentlige kontorer/ registre etter denne forskrift.

2 KONTORER/ REGISTRE/ OPPLYSNINGER SOM OMFATTES AV FORSKRIFTEN
2.1
Lærestedene:
Opplysninger om studiestatus og student-/ elevlister som viser om eksamen er bestått/ ikke bestått.

2.2
Trygdekontorene, Rikstrygdeverket:
Trygde- og personregistre.

2.3
Ligningskontorene:
Inntekt, formuespesifikasjon, særfradrag.

2.4
Sosialkontorene:
Klientkartoteket.

2.5
Statistisk sentralbyrå:
Det sentrale personregisteret.

2.6
Arbeidsformidlingen:
Arbeidssøkerkartoteket.

3 HVILKE OPPLYSNINGER LÅNEKASSEN KAN INNHENTE
3.1
Lånekassen må få opplysninger om studiestatus og student-/ elevlister som viser om eksamen er bestått / ikke bestått når det er nødvendig for å behandle søknader om støtte.

3.2
Fra trygde- og pensjonsregisteret kan Lånekassen innhente opplysning om resultatet av søknad om trygd og om innhold i stønadsbrev for bruk ved tildeling av lån og stipend og ved vurdering av rentefritak/ betalingsutsetting og ettergivelse av lån. Det kan ikke innhentes opplysninger om grunnlaget for stønad. Det kan heller ikke innhentes opplysninger om støtte til hjelpemidler e.l.

3.3
Fra ligningskontorene kan Lånekassen få oppgitt søkers/ låntakers inntekt, med eventuelt særfradrag og spesifikasjon av formue og eventuell ektefellens inntekt for bruk ved vurdering av rentefritak/ betalingsutsettelse og ved innfordring av lån.
Ved tildeling av støtte ønskes i tillegg opplysninger om foreldres inntekt og formue (søker som får behovsprøvd støtte).

3.4
Lånekassen kan innhente opplysninger fra sosialkontorene om en søker/ låntaker mottar stønad og om denne stønaden ytes som lån. Opplysningene kan nyttes i tildelingssaker og på innbetalingssiden for å få misligholdere ut av påkravs-/ inkassoregisteret når det ut fra opplysningene er klart at låntakeren er ute av stand til å betale. I innbetalingssaker kan det også være behov for tilsvarende opplysninger om ektefelle for å se familiens økonomi under ett.

3.5
Det ønskes tilgang på fullstendige adresseopplysninger fra det sentrale personregisteret, også de skjermede adressene, for oppsporing av låntakere som misligholder sine forpliktelser.

3.6
Det kan innhentes opplysninger fra arbeidssøkerkartoteket om hvilke perioder låntakeren var arbeidsløs og om retten til dagpenger. Opplysningene kan nyttes ved vurdering av rentefritak og betalingsutsetting, dessuten ved tildeling av lån og stipend.

4 INNHENTING OG LAGRING AV OPPLYSNINGER

4.1
Opplysningene i forbindelse med enkeltsaker innhentes av den saksbehandleren som har saken til behandling. Unntatt fra dette er opplysninger om skjermede adresser i det sentrale personregisteret. Bare to saksbehandlere gis adgang til dette. Eksamensresultater kan innhentes i form av student-/ elevlister med opplysninger om eksamen er bestått/ ikke bestått.

4.2
Opplysninger fra det sentrale personregisteret innhentes maskinelt, ellers innhentes opplysningene telefonisk eller ved skriftlig henvendelse til det aktuelle kontor.

4.3
Opplysningene lagres bare på søkerens / låntakerens og eventuelt på ektefellens mappe.

5 IVERKSETTELSE

5.1
Denne forskrift trer i kraft 1. januar 1988.
Punkt 2.1, 3.1 og 4.1 siste punktum trer i kraft fra og med støttetildelingen for undervisningsåret 1988-89.

Forskrift om tilskudd til dekning av skolepenger til elever ved utenlandske eller internasjonale videregående skoler

Fastsatt av Kirke-, utdannings og forskningsdepartementet 3. februar 1997 i henhold til § 26, tilskuddsregel nr. 10 i lov 14. juni 1985 nr. 73 om tilskot til private grunnskular og private skular som gjev vidaregåande opplæring.

Norske statsborgere som er elever ved utenlandske eller internasjonale videregående skoler i Norge eller i utlandet, og som har krav på støtte fra Statens lånekasse for utdanning, får tilskudd til dekning av skolepenger. Elever i utdanningstilbud der skolen får statstilskudd etter privatskoleloven, kan ikke få tilskudd.

Tilskudd gis med 85 % av skolepengene, begrenset oppad til 85 % av en normalsats beregnet ut fra gjennomsnittlige driftsutgifter i den offentlige videregående skolen.

Søknad sendes Statens lånekasse for utdanning på særskilt blankett med bekreftelse fra skolen om opptak og størrelsen av skolepenger. Utbetaling finner til vanlig sted hvert halvår.

Søkeren plikter straks å melde fra om endringer som har betydning for stønadstildelingen, f.eks. avbrudd i utdanningen. Tilskuddet kan kreves tilbakebetalt dersom skolegangen ikke fullføres som forutsatt.

Søknad om tilskudd til dekning av skolepenger må være kommet til Lånekassen innen 15. mars i det undervisningsåret det søkes tilskudd til.

Lånekassen
Østre Aker vei 20
Postboks 195 Økern
0510 OSLO

Telefon: 22 72 67 00
Telefaks: 22 64 26 36

Ope for publikum: Måndag - fredag kl. 0900-1430
Telefontid: Måndag - fredag kl. 1200-1500
Organisasjonsnr.: NO 960 885 406

LÅNEKASSENS REGIONKONTOR:

I Oslo:

ØSTLAND 1 Akershus, Buskerud, Universitetet i Oslo (studenter født jan.-mars)
Telefon: 22 72 68 50

ØSTLAND 2 Oppland, Østfold, Hedmark, Universitetet i Oslo (studenter født april -juni)
Telefon: 22 72 68 60

ØSTLAND 3 Oslo, Telemark, Universitetet i Oslo (studenter født juli - sept.)
Telefon: 22 72 68 20

ØSTLAND 4 Oslo, Vestfold, Universitetet i Oslo (studenter født okt. - des.)
Telefon: 22 72 68 40

UTLAND **Telefon:** 22 72 69 10

Utenfor Oslo:

TRONDHEIM (Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag)
Postadresse: 7005 TRONDHEIM
Besøksadresse: Erling Skakkes g. 40
Telefon: 73 88 06 00
Telefaks: 73 51 85 65

BERGEN (Hordaland)
Postadresse: Postboks 4373 Nygårdstangen, 5028 BERGEN
Besøksadresse: Lars Hillesg. 15
Telefon: 55 54 06 00
Telefaks: 55 31 47 42

TROMSØ (Nordland, Troms, Finnmark)
Postadresse: 9005 TROMSØ
Besøksadresse: Søndre Tollbug. 7B, 4. et.
Telefon: 77 66 22 00
Telefaks: 77 61 00 30

ØRSTA (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane)
Postadresse: Postboks 74, 6151 ØRSTA
Besøksadresse: Vikeøyrane 7
Telefon: 70 06 98 00
Telefaks: 70 06 70 48

STAVANGER (Rogaland, Aust-Agder, Vest-Agder)
Postadresse: Postboks 192, 4001 STAVANGER
Besøksadresse: Børehaugen 1
Telefon: 51 84 01 00
Telefaks: 51 89 30 70

KASSAFONEN: 22 64 58 58 **POST: 0827.10.03324**
INTERNETT: http://www.lanekassen.no **BANK: 6345.05.02075**

VT-3510 45.000-9.97